

# Meld. St. 11

(2017–2018)

Melding til Stortinget

## Nordisk samarbeid





# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing og samandrag .....</b>	5	<b>4</b>	<b>Norden i verda .....</b>	20
			4.1	Utanrikspolitisk samarbeid	
<b>2</b>	<b>Norden i omstilling .....</b>	6	4.2	i Norden og Baltikum .....	21
2.1	Viktigaste resultat under den norske formannskapen i 2017 .....	6	4.3	Samarbeid mellom utanrikstenestene .....	21
2.2	Omstilling og konkurransekraft ...	7	4.4	Nordisk ministerråd sine internasjonale satsingar .....	22
2.3	Eit inkluderande Norden .....	12	4.5	Eit trygt Norden .....	24
2.4	Samarbeidet i Nordisk ministerråd .....	15		Nordisk utanriks- og tryggingspolitiske satsingar	
2.5	Nordisk omstilling – Regjeringa sine mål fram mot 2020 .....	16		fram mot 2020 .....	26
<b>3</b>	<b>Norden i Europa .....</b>	17	<b>Vedlegg</b>		
3.1	Viktigaste resultat under norsk formannskap 2017 .....	17	1	Sammenstilling av budsjettene 2018 og 2017 .....	27
3.2	Samordna gjennomføring av EU/EØS-reglar .....	17	2	Relevante nettsider .....	29
3.3	Påverknad og medverknad .....	18			
3.4	Norden i Europa – Regjeringa sine mål fram mot 2020 .....	20			



# Meld. St. 11

(2017–2018)

## Melding til Stortinget

### Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 6. april 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

#### 1 Innleiing og samandrag

Ei undersøking gjennomført på vegner av Nordisk ministerråd og Nordisk råd hausten 2017 viste at det nordiske samarbeidet har brei folkeleg støtte, og at oppslutninga aukar. Over 90 prosent av befolkninga i Norden meiner at samarbeidet er viktig eller svært viktig. To av tre meiner at den internasjonale utviklinga talar for eit tettare nordisk samarbeid. Oppslutninga inspirerer og skjerpar.

Samstundes er den internasjonale interessa for Norden og etterspurnaden etter nordiske løysingar, til dømes innanfor likestilling og klima, større enn nokon gong. Dei nordiske landa skårar høgt på internasjonale rangeringar som måler lykke, velferd, likestilling, demokrati, rettstryggleik og innovasjonsevne. Som region har Norden eit nesten unikt internasjonalt omdøme.

Dei nordiske landa er saman og kvar for seg synlege på viktige arenaer i FN, Nato, OSSE, Europarådet, EU/EØS og i internasjonale klimaforhandlingar. Trass ulik tilknyting til EU og Nato er det internasjonale samarbeidet nært og godt. I 2017–2018 er Sverige medlem av FNs tryggingsråd, medan Noreg er kandidat for 2021–2022. Gjennom statsministerinitiativet til Ministerrådet vert det lagt fram nordiske løysingar på globale samfunnsutfordringar innanfor grøn omstilling, likestilling, velferd og ernæring. Når dei nordiske landa nyttar posisjonane til kvarandre og samarbeider godt, vert landa ofte både meir synlege, og får auka tilgang og påverknad.

Samstundes spenner samarbeidet i regionen stadig breiare og går djupare, både i offentleg og privat sektor. Investeringar, bedriftsetableringar og handel aukar, og samarbeidet om utdanning, forsking og innovasjon vert styrkt. Arbeidsmarknaden er integrert og fungerer godt. Den nordiske el-marknaden vert kopiert av andre regionar. Med raske endringar i den globale utviklinga av teknologi og økonomi vert verdien av samarbeid tydelegare, både for offentlege og private aktørar i Norden. Ved å nytte dei komparative føremonene og posisjonane til kvarandre internasjonalt kan dei nordiske landa oppnå synergieffektar og auke den samla konkurranseskrafta.

Hovudmålet for samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er ein høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetting, låg arbeidsløyse og dessutan låg og stabil prisstiging. Ein solid bank- og finansmarknad er svært viktig for å sikre ein omstillingssyktig region, som toler ulike former for økonomiske omveltingar.

Økonomisk vekst og innovasjonsevne er avgjande for nordisk velferd. Regjeringa vil satse vidare på å utvikle nordisk konkurranseskraft og omstillingsevne, jamfør «Norden i omstilling», som var eit hovudsatsingsområde under den norske 2017-formannskapen i Nordisk ministerråd. Samarbeidet vil støtte opp under det grøne skiftet og medverke til å oppfylle klimaforpliktingane til Noreg og berekraftsmåla til FN. Digitalisering og inkludering vil vere viktige element, saman med

mellom anna helse, forsking, utdanning, kultur og integrering.

Satsing på eit strategisk nordisk partnarskap i europa- og utanrikspolitikken er vorte viktigare som fylge av ei meir uføreseieleg internasjonal utvikling, der til dømes menneskerettane og det internasjonale regelverket for handel og klima vert utfordra. For dei nordiske landa er folketretten og den internasjonale rettsordenen avgjerrande for tryggleik, økonomi og velferd. Den målretta satsinga på eit sterkare nordisk samarbeid om europapolitikk («Norden i Europa») og utanriks- og tryggingspolitikk («Norden i verda») som Noreg fremja under 2017-formannskapen vil difor bli vidareført. Regjeringa vil samstundes vidareføre den målretta satsinga på internasjonal profilering og merkevarebygging av Norden. Det nordiske forsvarssamarbeidet vil verte vidareutvikla i tråd med ambisjonane til Noreg for NORDEFCO-formannskapen i 2018.

Regjeringa er oppteken av at det nordiske regjeringssamarbeidet skal vere praktisk, nyttig og utgjere ein skilnad for folk. Eit viktig føremål for regjeringa vil vere å bruke samarbeidet målretta i gjennomføringa av den politiske plattforma si (Jeløy-erklæringa). Løysing av grensehinder og styrking av mobilitet vil framleis vere ein viktig og praktisk del av samarbeidet. Arbeidet med å styrke og fremje den nordiske språkforståinga må halde fram. Felles språk, kultur og verdiar har alltid stått sentralt i Norden, og representerer eit viktig lim i samarbeidet.

Dette illustrerer òg verdien av det nordiske samarbeidet som politisk idéverkstad. Gjennom deling av kunnskap og aktive diskusjonar, kan landa utnytte røynslene til kvarandre og «spele» kvarandre betre, både på nordisk heimebane og i møte med ein stadig sterkare internasjonal konkurranse. Nytt på rett måte kan den nordiske arenaen ha stor verdi for både politikarar, embetsverk, akademia og næringsliv.

## 2 Norden i omstilling

I meir enn 60 år har den nordiske samfunns- og velferdsmodellen vist ei unik evne til omstilling. Denne evna skal vi nyte til å møte dagens utfordringar i samspel mellom styresmakter, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv over landegrensene.

Gjennom satsingsområdet «Norden i omstilling» ynskte regjeringa å sikre ein sentral plass for regionen i det globale grøne skiftet. Behovet for omstilling er stort i møte med auka globalisering, strengare klima- og miljøpolitikk, nye forretnings-

modellar, digitalisering, ny teknologi og nye forbrukstrendar. Befolkningsendringar som fylge av migrasjon og endra alderssamansetning er òg utfordringar som dei nordiske landa deler.

Utgangspunktet er godt. Den høge nordiske mobiliteten, den tette økonomiske integrasjonen og det sterke samarbeidet om utdanning, forsking, kultur og innovasjon er ei suksesshistorie. Saman er Norden blant dei mest kompetente, innovative og attraktive regionane i verda med ein økonomi som vert rangert blant dei 10–12 største i verda. Vi er dei viktigaste handelspartnerane til kvarandre innanfor ramma av den felles, indre marknaden i EU og EØS.

### 2.1 Viktigaste resultat under den norske formannskapen i 2017

For regjeringa har det vore viktig å konkretisere det politiske samarbeidet i Nordisk ministerråd. Då kan vi klarare sjå meirverdien av den nordiske innsatsen. I tillegg til eigne initiativ, har regjeringa lagt vekt på å fylge opp prosessar som tidlegare formannskap har sett i gong. Vi har forventingar til at den svenske formannskapen i 2018 fylgjer opp prosessar som vi starta i 2017. Ministerrådets sekretariat har vore ein viktig og kompetent støttespelar under formannskapen og vil spele ei sentral rolle vidare. Viktigaste resultat:

- Dei nordiske ministrane med ansvar for digitalisering vedtok ei nordisk-baltisk erklæring om digitalt samarbeid. Den skal styrke regionen sin digitale transformasjon og næringslivet si konkurranseevne, og bidra til å fremje den digitale indre marknaden i regionen. Nokre medlemsland har fått leiaransvar på viktige område, mellom anna Noreg for innføring av felles e-ID og Sverige for utbreiing av 5G i regionen. Eit eige ministerråd for digitalisering er oppretta.
- Dei nordiske næringsministrane vedtok eit nytt samarbeidsprogram for 2018–2021 for nærings- og innovasjonssektoren. Det skal styrke vår omstillingsevne, fremje innovasjons- og konkurranseskrafta og betre globale marknadsmøglegheiter. Prioriterte område er styrking av konkurranseevna til nordiske bedrifter gjennom digitalisering og samarbeid innanfor reiseliv. Nordic Innovation vil få ei sentral rolle med å fylge opp gjennomføringa av programmet.
- Dei nordiske energiministrane vedtok eit energipolitisk samarbeidsprogram for 2018–2021. Samarbeidet skal fremje forsyningstryggleiken og ein fungerande energimarknad, og ikkje minst sørge for at landa når sine miljø- og

klimamål. Det inkluderer samarbeid om tekniske løysingar for å oppfylle klimamåla.

- Auka samarbeid mellom kunnskaps- og næringsklynger i Norden som bidreg til å utnytte dei ulike landa sine styrkeposisjonar innan forsking, innovasjon, teknologisk utvikling og næringsliv til å utvikle nye bedrifter som kan konkurrere på den internasjonale marknaden.
- Dei nordiske utdanningsministrane vart samde om å utgreie utfordringar og moglegheiter for eit forsterka nordisk samarbeid innan utdanning. Rapporten vart presentert hausten 2017.
- Dei nordiske samarbeidsministrane vart samde om å føreta ei utgreiing om behov og potensial for ei nordisk risikokapitalordning for bedrifter i ein tidleg fase (leia av administrerande direktør Idar Kreutzer i Finans Norge). Rapporten vart presentert i september 2018.
- Nye nordiske tiltak mot framande artar i nordiske havområder, innsamling av avfall frå fiskeria og karbonlagring i havet. Vedteke samarbeidsprogram om førebygging, rydding og attvinning av plast og mikroplast.
- Dei nordiske klima- og miljøministrane vedtok «The Oslo Declaration on Nordic Climate Leadership» der det nordiske engasjementet for og leiarskapet i oppfylginga av Paris-avtalen er understreka. Dei nordiske statsministrane gav seinare si støtte til denne deklarasjonen. Deklarasjonen vert fylgt opp under den svenske formannskapen.

## 2.2 Omstilling og konkurransekraft

Regjeringa si politiske plattform slår fast at ho vil føre ein politikk som styrker konkurransekrafta til Noreg, og skapar grøn vekst og nye grøne jobbar. Dette har også vore eit kjernekpunkt under 2017-formannskapen.

Konkurransegyptige klima- og miljøløysingar må utviklast i samspel mellom forsking, innovasjon og digitalisering, med utnytting av både nasjonale, nordiske og europeiske verkemiddel. For Norden gjev dette gode høve til å utvikle eit differensiert og konkurransegyptig næringsliv, både med offentleg og privat finansiering, som skapar framtidige arbeidsplassar og sikrar eit nyskapande og inkluderande arbeidsliv.

### Digitalisering

Eit tettare regionalt samarbeid om digitalisering har vore ei hovudlinje under 2017-formannskapen. Feltet rører ved nær sagt heile fagbreidda i det

### Boks 2.1 Elektronisk ID

Kwart år flyttar mange tusen innbyggjarar mellom dei nordisk-baltiske landa, og langt fleire ferierar i nabolanda. Dette skapar vekst, men kan også føre til utfordringar. Difor er det eit mål å leggje til rette for bruk av personnummer og elektronisk ID, slik at det vert lettare å nytte tenester på tvers av landegrensene. Dette vil kunne lette opptaket til skular og universitet eller bruken av banktenester. For mange verksmeder vil elektroniske anbod kunne utvide marknadane og fjerne kostnader. Ein nordisk modell vil også kunne setje ein standard for det europeiske samarbeidet på dette feltet.

nordiske samarbeidet. Digital integrasjon vil prege Europa og vår eigen region. Her møtest omstillingsagendaen og den europapolitiske agendaen med full kraft.

I april 2017 samla regjeringa dei nordiske og baltiske ministrane med ansvar for digitalisering til konferansen «Digital North» i Oslo. I samband med konferansen vedtok desse ministrane ei erklæring om digitalt samarbeid. Føremålet er å styrke den digitale innovasjonen og verdiskapinga, skape samanhengande digitale tenester fra offentleg sektor på tvers av landegrensene, styrke konkurranseevna til nordiske bedrifter innanfor digitalisering og leggje til rette for ein digitalt integrert region som er ein del av den europeiske digitale indre marknaden.

Ministererklæringa har konkrete mål og tiltak, der dei einskilde landa har fått tildelt særskilt ansvar. Til dømes har Noreg fått leiaransvar for å sikre at tenester frå offentleg sektor som krev bruk av elektronisk identitet (e-ID), kan nyttast på tvers av landegrensene. Sverige har fått hovudansvar for å sikre utbreiinga av 5G i regionen, og for å samordne denne verksemda med dei andre landa. 5G er namnet på neste generasjons mobilkommunikasjonsteknologi som ventas å verte kommersielt tilgjengeleg omkring 2020. I si fulle form vil 5G kunne endre måten mobiltenester vert skapte og leverte til brukarane på, og det vil kunne påverke samfunnet og kvardagslivet til folk.

Det er vedteke at det skal skipast eit ministerråd for det digitale området, MR-digital, som skal medverke til å sikre framdrifta på viktige område som er spesifiserte i erklæringa. Det første møtet i MR-digital fann stad i Oslo i desember 2017.

Sverige har varsla at dei vil vidareføre arbeidet under sin formannskap.

I e-helsesektoren har det over fleire år utvikla seg parallele teknologiar med element av både konkurranse og utveksling av røynsler mellom landa. Det nordiske samarbeidet er ein viktig uformell plattform for å konsolidere strategiar og posisjonar inn i EU-samarbeidet med aktiv deltaking i fleire EU-prosjekt, til dømes «Connecting Europe Facility» og «European Reference Networks».

Digitalisering er eit sentralt tema i det svenske formannskapsprogrammet for 2018. Prosjektet «Vård på distans» har som delmål å legge til rette for tekniske løysingar for utveksling av e-reseptar i Norden gjennom ein tre-årsperiode.

Den digitale utviklinga gjev òg nye utfordringar. I 2017 vart det arrangert eit seminar der ekspertar møttes for å dele røynsler og diskutere skattemessige utfordringar ved delingsøkonomien. Regjeringa vil vidareføre dette arbeidet i 2018.

Eit område som er under særleg press er den nordiske medieøkonomien, og dermed mediemangfaldet og media sine utsikter til å utøve ei kritisk samfunnsrolle. Den auka konkurransen frå internasjonale aktørar som Facebook og Google utfordrar tradisjonelle medium. Samstundes er innbyggjarane sin tillit til medium under press frå useriøse aktørar. Regjeringa er oppteken av at mediepolitikken skal stimulere til innovasjon og nyskaping, og vil samstundes oppretthalde tradisjonane og grunnverdiane til den frie pressa i ei ny tid.

#### *Næringsliv og innovasjon*

Ministerrådet vedtok i 2017 eit nytt samarbeidsprogram for nærings- og innovasjonssektoren for

#### **Boks 2.2 Medieøkonomi**

Mediepolitikken til regjeringa legg til rette for ytringsfridom, god nyheitsproduksjon over heile landet og ein brei offentleg samtal i det digitale mediesamfunnet. For å identifisere moglege tiltak i det nordiske mediesamarbeidet, har Noreg teke initiativ til to ulike utgreiingar som begge kan gje konkrete innspel til kva vi kan gjere for å skape rammevilkår for å medverke til at media i Norden skal kunne halde fram med å utøve samfunnsoppdraget sitt.

#### **Boks 2.3 Innovative Nordics**

Utgreiingar som er gjennomførte av BI og Handelshögskolan i Stockholm, viser potensialet for å styrke nordisk konkurranseskraft gjennom betre samarbeid mellom kunnskapsmiljø og næringsklynger over landegrensene. Under det nordiske statsministermøtet i Bergen i mai 2017 var tre norske klynger inviterte til å presentere sine røynsler med nordisk samarbeid (NCE Maritime CleanTech Bergen, Oslo Cancer Cluster og NCE Smart Energy Halden).

2018–2021. Programmet vektlegg arbeid for å sikre evne til snøgg omstilling, å styrke innovasjons- og konkurranseskrafta og å betre dei globale marknadsutsiktene til dei nordiske landa. Nordic Innovation vil vere ein sentral aktør for gjennomføringa av programmet. Nokre av aktivitetane vil vere styrking av det nordiske klynge-samarbeidet, støtte til bedrifter i startfasen, vekst av bedrifter og eit nærmare samarbeid mellom dei nordiske forskings- og innovasjonsaktørane. Eit viktig mål er òg å gjere Norden meir attraktiv som samarbeidspartner med verdas leiande kunnskapsmiljø innanfor ulike sektorar. Det er difor positivt at Innovasjon Noreg har engasjert seg i samarbeidet med nordiske søsterorganisaasjonar.

Dei nordiske innovasjonsdirektørane møttes i Helsingfors før det nordiske miljøministermøtet i november 2017, og deltok i diskusjonen med ministrane om korleis styrke det nordiske samarbeidet om grøn konkurranseskraft på klima og transportområdet. Innovasjonsdirektørane annonserte at det kjem eit innspeil til nordisk handlingsplan om temaet i 2018. Sverige vidarefører temaet grøn konkurranseskraft og transport i sin formannskap under overskrifta byutvikling og inviterer toppleiarar i nordisk grønt næringsliv til eit dialogmøte om dette i april 2018.

Etter initiativ frå den norske formannskapen er det sett i gong ei utgreiing for å analysere behov og potensial for ei nordisk finansieringsordning for risikoinvesteringar i bedrifter i ein tidleg fase, med fokus på nordisk meirverdi. Idar Kreutzer, administrerande direktør i Finans Norge, har ansvaret for å gjennomføre utgreiinga som skal leggjast fram for samarbeidsministrane i juni med endeleg rapport i september 2018.

### Boks 2.4 Smarte byar og regionar

Formannskapsprosjektet «Attraktive byar og byregionar» rettar merksemd mot potensialet for grøn omstilling og konkurransekraft i små og mellomstore nordiske byregionar og korrleis berekraftsmåla til FN kan gjennomførast i Norden. 18 nordiske byar er med å kartlegge, utvikle og teste nye indikatorar for berekraftig utvikling. Prosjektet skal føre til ein felles nordisk strategi for å utvikle attraktivitet gjennom eit godt og inkluderande bymiljø som er miljøvenleg, økonomisk og sosialt berekraftig.

### Boks 2.5 NordGen

Samarbeidet om genressursar for landbruket er organisert under Nordisk genressurssenter (NordGen). NordGen har ei viktig oppgåve i å bevare genmateriale som kan verte viktig for matproduksjonen og mattryggelen i framtida. Samarbeidet er òg knytt til meir spesifikk tilhøve som til dømes dei venta klimaendringane, som fører til at den biologiske produksjonen må finne stad under andre vekstvilkår enn no. NordGen har ansvaret for fagleg drift og administrasjon av frølageret på Svalbard (Svalbard Global Seed Vault) gjennom ein avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity og NordGen.

Gjennom det nordiske samarbeidet er det òg viktig å styrke det offentlege som ein pådrivar for innovasjon og vekst ved i større grad å etterspørje og kjøpe innovative, miljøvenlege løysingar og produkt. Eit nordisk prosjekt om offentlege grøne innkjøp har vist gode resultat, og vil bli fylgt opp i 2018.

Ministerrådet har òg eit samarbeidsprogram for regional utvikling og planlegging for perioden 2017–2020. Den nordiske institusjonen Nordregio er sentral i samarbeidet, saman med innovative regionar som legg vekt på grøne investeringar og innovasjon. Dei fleste nordiske regionane utviklar no strategiar for omstilling basert på tilrådingar om smart spesialisering frå Europakommisjonen, og byggjer nettverk med regionar i dei andre nordiske landa.

Ein solid bank- og finansmarknad er viktig for å sikre ein omstettingsdyktig region som toler ulike former for økonomiske omveltingar. Styresmaktene i Norden har eit godt og velutvikla samarbeid om regulering og tilsyn, og i desember 2016 vart det underteikna eit særskilt memorandum om samarbeid med såkalla signifikante filialar om grensekryssande bankgrupper. Fleire av dei store nordiske bankgruppene driv verksamhet i naboland, anten gjennom dotterbankar, filialar eller direkte frå morbanken i heimlandet. Det er eit felles mål å medverke til god soliditet, forsvarleg drift og mest mogleg like konkurranse tilhøve i dei nordiske marknadane.

#### Klima og miljø

For miljøsektoren har miljøtilstanden i havet vore eit hovudtema i 2017 med søkjelys på reduksjon av plastavfall, mikroplast og lagring av karbon i tareskog.

Under miljøministermøtet vart det vedteke eit nordisk program for reduksjon av plastavfall, materialattvinning, effektive avfallssystem, marin ureining og mikroplast, og dessutan auka kunnskap om biobaserte og nedbrytelege alternativ til plast. Miljøministrane sende òg eit felles innspel til plaststrategien til Europakommisjonen der dei mellom anna la vekt på tiltak mot viktige kjelder til mikroplast og marin ureining.

Klimaendringane har vore eit anna sentralt tema under den norske formannskapen. På møtet i mai 2017 vedtok miljøministrane «The Oslo Declaration on Nordic Climate Leadership» der det nordiske engasjementet for oppfylginga av Paris-avtalen er understreka. Dei nordiske statsministrane slutta seg til denne erklæringa.

Som førebuing til klima og miljøministermøtet om grøn konkurranseskraft, klima og tungtransport i november, var det gjennomført ei kartlegging av nordiske styrkeposisjonar og potensialet for meir nordisk samarbeid innanfor miljøvennlig transport. Nordic Innovation starta eit arbeid med å samle nordiske klynger for å styrke samarbeidet om grøn innovasjon og skal melde tilbake til miljøministrane om framdrift i løpet av 2018.

#### Hav og blå bioøkonomi

Det nordiske samarbeidet på hav er eit av dei eldste samarbeidsområda i Nordisk ministerråd, og utgjer ei god plattform for å fremje norske interesser i samarbeid med våre naboland og nærmeste handelspartnarar.

Regjeringa ynskjer å utvikle havnæringane og skape arbeidsplassar basert på ressursane i havet. Eit mål er å auke satsinga på forsking, innovasjon og teknologiutvikling for å vinne meir verdiar ut av kvar kilo som vert produsert. Dei nordiske landa har saman med Nordic Innovation, det nordiske fiskerisamarbeidet og industrien sjølv, bidrege til ei felles finansieringsordning på om lag 160 millionar kroner til innovasjonsprosjekt innanfor marin sektor. Programmet vert avslutta i 2018 og har medverka til utvikling av teknologiar som har gjeve betre nytting av marin biomasse. Det har fremja nettverk mellom forsking og industri i dei nordiske landa, og styrka posisjonen til nordiske produkt på dei globale marknadane.

Havmiljø og blå bioøkonomi var òg eit tema i dei norske formannskapsprosjekta. Det vart mellom anna sett i gong treårige forskings- og forvalningsprosjekt på i alt åtte millionar kroner innanfor områder som marin ureining, framande arter, rydding etter tapte fiskereiskapar (spøkelsesfiske) og karbonlagring i havet.

Under den norske formannskapen vart det teke initiativ til ei ministererklæring mot internasjonal fiskerikriminalitet. Erklæringa vart vedteke av dei nordiske fiskeri- og landbruksministrane på eit møte i Ålesund i juni 2017, og vart seinare presentert av generalsekretær Høybråten og Fiskeriminister Sandberg på eit internasjonalt symposium i Wien.

Færøyane tok i 2017 saman med Seychellane initiativ til røysleutveksling om innovasjon og blå bioøkonomi mellom dei nordiske landa og små øystatar. Samarbeidet vil mellom anna inkludere FNs matvareorganisasjon og ta føre seg taredyrking, bruk av marine fiber, fisketurisme og moglegheitene for næringsutvikling i havbaserte økonomiar.

#### *Grøn økonomi*

På sommarmøtet i Ålesund i juni 2017 vart dei nordiske ministrane for fiskeri og havbruk, jordbruk, livsmidlar og skogbruk samde om å etablere eit samarbeid om kunnskapsutvikling og identifisering av tiltak som kan bidra til auka karbonlagring i jordbruksjord. Målet er mellom anna å harmonisere metodikk for modellering og utsleppsbercningar som kan gjere synleg opptak og utslepp av karbon i nordisk jordbruksjord. Ein nordisk reknemodell må kunne anerkjennast i rapportering til FNs klimapanel (IPCC) sitt klimagassregnskap.

#### **Boks 2.6 Nordisk kraftmarknadsforum**

Ei av tilrådingane frå Jorma Ollila-rapporten var å etablere eit felles nordisk kraftmarknadsforum. Forumet skapar ein møteplass der regjeringane, forvaltinga, marknadsaktørar og andre kan drøfte aktuelle energispørsmål på tvers av landegrensene i Norden, og fremje nordiske posisjonar og interesser i den europeiske politikkutviklinga.

#### *Energi*

Stabil energiforsyning er grunnleggjande for eit moderne velferdssamfunn, og utgjer ein konkurranseføremoen for norsk industri. Ein velfungerande kraftmarknad er avgjerande for ei trygg straumforsyning. Regjeringa meiner at drifta av kraftsystemet og krafthandelen i størst mogleg grad må byggje på marknadsmessige løysingar.

Under 2017-formannskapen vart det utarbeidd og vedteke eit energipolitisk program for perioden 2018-2021, som peikar på kva område som skal prioritert i energisamarbeidet framover. Den nordiske el-marknaden ligg framleis langt framme jamfört med dei fleste EU-landa, og har mykje å bidra med i utviklinga av ein felles europeisk el-marknad. Samankoplinga av dei nordiske kraftsystema har styrkt forsyningstryggleiken, betra utnyttinga av dei nordiske kraftressursane og lagt til rette for ein auka produksjon av fornybar kraft. Kraftforsyninga i landa vert òg i stor grad organisert gjennom ein

#### **Boks 2.7 Nordic Green Research and Innovation Programme**

Dei nordiske landa har alle som målsetjing å vere energieffektive lågutsleppssamfunn innan 2050. For å fremje omstilling og grøn nordisk konkurranseskraft lanserte institusjonane Nordisk energiforskning, Nordisk innovasjon og NordForsk i 2017 eit forskings- og innovasjonsprogram med ei samla ramme på 78 millionar kroner. Programmet har tildelt midlar til prosjekt innanfor mellom anna sol- og vindenergi, bioøkonomi og teknologiar for klimavenleg gruvedrift, metallurgi og industriproduksjon.

felles nordisk kraftbørs, ein finansiell marknad og kraftbalansemarknad.

Ei strategisk gjennomlysing av det nordiske energisamarbeidet vart presentert av finnen Jorma Ollila til energiministermøtet i Oslo i november 2017. Konklusjonane og tilrådingane i rapporten har vore ei inspirasjonskjelde for det nye samarbeidsprogrammet. Det gode samarbeidet vert vidareført innanfor den nordiske el-marknaden, fornybar energi, energieffektivisering og nordisk energiforsking, og i det nordiske samarbeidet om EU/EØS-saker.

#### Forskning og utdanning

Utdannings- og forskingssamarbeid i Norden byggjer på gode institusjonar, stor grad av tillit og ein tett samarbeidskultur. Samarbeidet om høgare utdanning er fokusert rundt student- og lærarmobilitet, felles utdanningsprogram og tiltak for å vidareutvikle kvalitet i utdanninga. Medan forskingssamarbeidet i dei seinare åra har lagt vekt på forskingsfinansiering, vert det no ei auka prioritering av samarbeid på forskarnivå, særleg tiltak retta mot forskarutdanning, mobilitet og nettverk for yngre forskarar.

Ministerrådet har dei siste åra vidareutvikla den nordiske forskingsrådsmodellen, der NordForsk utgjer ein viktig samarbeidsarena for dei nordiske forskingsfinansierande organa. Dialogen med NordForsk er styrkt og ministrane har vedteke eit tydelegare strategisk mandat for institusjonen. NordForsk har på si side teke initiativ til betre samverknad med dei forskingsfinansierande organa i utforminga av sine program og eit sam-

#### Boks 2.8 Samarbeidsprogram for utdanning og forsking

I førebuinga til eit nytt nordisk samarbeidsprogram for utdanning og forsking har ei høgnivågruppe beståande av tidlegare *gymnasie- og kunskapslyftminister* Aida Hadzilic (Sverige), *kansler* ved Helsingfors universitet Thomas Wilhelmsson (Finland) og *departementsråd* Petter Skarheim (Norge) diskutert nordiske styrkeposisjonar, utfordringar og moglegheiter for samarbeid innanfor utdanningsområdet. Rapporten «Framtida nordiskt utbildungssamarbete» gjer konkrete anbefalinger knytt til seks områder, og finnes i fullversjon på <http://norden.diva-portal.org/>.

arbeid mellom desse organa og ministrane vart innleia i 2017.

NordForsk har arbeidd for ein digital forskingsinfrastruktur (eScience) og samarbeid mellom forsking og innovasjon. Her inngår òg «Nordic eScience Globalisation Initiative» og «Nordic e-Infrastructure Collaboration», som mellom anna støttar eit strategisk nettverkssamarbeid mellom nordiske digitale innovasjons- og forskingsmiljø.

I helsesektoren er «Nordisk samarbeid for betre helse 2017–2019» eit av dei prioriterte norske formannskapsprosjekta. Målet for arbeidet er å leggje til rette for nordisk helseforsking på område der dei aktuelle pasientgruppene i kvart enkelt land er små. Nordisk ministerråd har løvt 7,3 millionar danske kroner til tre delprosjekt. Desse delprosjekta skal klarleggje moglege forenklinger når det gjeld etikkgodkjenning, IKT-løysingar for utveksling av helsedata og kliniske studiar for persontilpassa medisin (Nordic Trial Alliance).

#### Samferdsel

Samferdselssektoren er ikkje med i det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet. Det er likevel viktig å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og utnytte det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Jernbanedirektoratet samhandlar med svenske, finske og danske transportstyretemakter om å utvikle jernbana på tvers av landegrensene. Ein studie om eit mogleg jernbanesamband mellom Nord-Finland og isfri hamn i Nord-Noreg er venta ferdig i 2018. Dei siste åra har det vorte gjennomført studiar om utviklinga av sambandet mellom Oslo og Stockholm og mellom Oslo og Gøteborg. I samsvar med Jeløy-erklæringa vil regjeringa ta initiativ til ein skandinavisk jernbanestudie i samarbeid med Sverige og Danmark.

I september 2017 undertekna samferdselsministeren ei felleserklæring med Sverige og Finland om samarbeid om og tilrettelegging for autonome og kommuniserande køyretøy, og ei eiga erklæring med Finland om slik testing på E8. Formålet er å gjere transporten tryggare, meir effektiv og meir miljøvenleg. Strekninga på E8 mellom Noreg og Finland er godt egna til å teste ut teknologi for autonome køyretøy og er difor utpeikt av Europakommisjonen som korridor for testing av intelligente transportsystem og løysingar (ITS).

Regjeringa ynskjer å skape eit trygt og fleksibelt arbeidsliv for arbeidstakarane. Å motverke arbeidslivskriminalitet i transportsektoren er ein viktig del av dette arbeidet. Internasjonalt samarbeid på områ-

det må styrkast. I det noverande arbeidet «langtransport på veg» er det lagt vekt på å etterleve det eksisterande regelverket, mellom anna innanfor trakktryggleik og arbeidstakarrettar.

#### *Nordisk samekonvensjon*

I Jæløy-erklæringa slår regjeringa fast at ho vil arbeide for å få undertekna og ratifisert Nordisk samekonvensjon. Forhandlingane mellom Noreg, Sverige og Finland og dei tre nordiske sametinga om ein nordisk samekonvensjon byrja i mars 2011. Eit forslag til konvensjon er no til behandling hjå regjeringane og sametinga i landa. Først etter at sametinga har tilslutta seg til konvensjonen, vil regjeringane ratifisere han.

### **2.3 Eit inkluderande Norden**

I Norden har vi eit verdi- og interessefellesskap med ei felles forståing av overordna samfunnsutfordringar. Vi deler eit ynskje om å bruke det nordiske samarbeidet til å bygge trygge, inkluderande og berekraftige velferdssamfunn.

#### *Språk og kultur*

Eit av måla for den norske formannskapen var å medverke til auka merksemd om nordisk språkforståing i kultur og utdanning, mellom anna gjennom samarbeid med Nordisk språkkoordinasjon, Norden i skulen og Foreininga Norden.

Den nordiske språkforståinga er viktig for nordisk identitet og mobilitet, og legg til rette for ein godt integrert arbeidsmarknad og eit kultur- og utdanningsfellesskap. Kunst og kultur spelar ei viktig rolle som brubyggjar. Serien «SKAM», som førte til auka interesse for og refleksjon rundt nordisk språkforståing, særleg blant born og unge, er

### **Boks 2.9 Nordisk råd sin borne- og ungdomslitteraturpris**

Under formannskapen i 2012 var Noreg ein sterk pådrivar for å etablere Nordisk råd sin borne- og ungdomslitteraturpris. Prisen vart delt ut første gongen i 2013. Interessa for prisen har vore stor, og vinnarane er vortne presenterte på bokmesser og litteraturfestivalar i inn- og utland. Prisen har gjort borne- og ungdomslitteraturen meir synleg og gjeve han høgare prestisje.

### **Boks 2.10 Utdanningsprogrammet Nordplus**

Nordplus er det største utdanningsprogrammet til Nordisk ministerråd innanfor livslang læring. Programmet er eit godt etablert samarbeid mellom Norden og dei baltiske landa Estland, Latvia og Litauen. Kvart år reiser om lag 7000 elevar og studentar og om lag 1500 undervisarar på utvekslingsopphald til eit anna nordisk eller baltisk land. I alt deltek om lag 2800 utdanningsinstitusjonar og organisasjonar i Nordplus-aktivitetar kvart einaste år. Programmet fyller 30 år i 2018, og har samstundes tiårs jubileum for baltisk deltaking i programmet. I 2018 vert det lansert ein ny femårig programperiode for Nordplus.

eit godt døme på dette. På initiativ frå Noreg vart «Volt», kultur- og språkprogrammet for born og unge, oppretta i 2017.

Kunst og kultur profilerer Noreg og Norden som region, og skapar merksemd om den nordiske samfunnsmodellen og verdiar som likestilling, demokrati og berekraft. I heile 2017 fann den nordiske kulturmönstringa «Nordic Matters» stad på Southbank Centre i London, som er det største kultursenteret i Storbritannia. Kunstnarar, artistar og kulturaktørar frå heile Norden medverka gjennom heile året.

#### *Arbeidsmarknad og integrering*

Globalisering og omstilling i arbeidslivet gjev store gevinstar i form av høgare produktivitet og materiell velstand. Eit særleg kjenneteikn ved den nordiske arbeidsmarknaden er høg yrkesdeltaking frå både kvinner og menn. Dette fører til høg produktivitet og berekraftige velferdsstatar. Samstundes er det krevjande å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft og møte dei veksande behova for velferdsyttingar. Ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn kan ha problem med å kome inn i arbeidslivet eller med å behalde arbeid. Ei anna utfordring ved den nordiske arbeidsmarknaden er at han er kjønnsdelt.

Det nye nordiske programmet for arbeidslivssektoren vart vedteke i november 2017. Programmet framhevar sentrale utfordringar og inneholdt ein overordna strategi for regjerings-

### Boks 2.11 Godkjenning av yrkeskvalifikasjonar

Det fins store vinningar av å gje personar moglegheit til arbeide med kvalifikasjonar dei har i staden for å ta utdanninga si på nytt. På norsk initiativ vart nordiske godkjenningsordningar for utanlandske utdanninger kartlagt i 2017. Formålet var å medverke til eit betre samarbeid og nedbygging av grensehinder i Norden. Den svenske formannskapen tek arbeidet med dette vidare i 2018. Kunnskapsdepartementet følgjer opp prosjektet og ser dette i samanheng med den nasjonale satsinga på området.

samarbeidet på arbeidslivsområdet for perioden 2018–2021. Programmet har tre delområde: arbeidsmarknad, arbeidsmiljø og arbeidsrett. Integrering av flyktningar og personar med nedsatt funksjonsevne i arbeidslivet, og spørsmål knytte til arbeidsliv i framtida og om teknologisk utvikling har fått ein meir framståande plass i det nye programmet.

Dei nordiske landa har behov for auka kunnskap om korleis den nordiske arbeidslivsmodellen kan fungere i eit framtidig arbeidsliv med store endringar og omstillingar. I 2017 vart det difor arrangert ein nordisk konferanse i Oslo om den veksande delingsøkonomien, som omhandla korleis denne kan påverke arbeidsmarknaden og arbeidslivsrelasjonane i Norden. I regi av arbeidslivssektoren er det òg sett i gong eit omfattande forskingsprosjekt om korleis arbeidslivet i Norden kan kome til å sjå ut rundt år 2030. Prosjektet har som mål å generere ny kunnskap og tilrådingar til nordiske politikarar, styresmakter og partane i arbeidslivet.

Den internasjonale migrasjonen er uføreiseleg, og det er behov for å ha ein snøgt beredskap for raske skiftingar. Målet om å sikre at flyktningar kjem i arbeid og er i stand til å forsørge seg sjølv vart tema då dei nordiske integreringsministrane møttes i Oslo i september 2017. Ministerrådet har løyvt midlar til ulike prosjekt som vil generere ny kunnskap om integrering. Eit prosjekt som dei nordiske statistikkbyråa gjennomfører, er å harmonisere integreringsstatistikken i Norden. Statistikk er ein viktig reiskap for å kunne samanlikne utviklinga på integreringsområdet mellom dei nordiske landa. Nordisk minis-

terråd og Justis- og beredskapsdepartementet har løyvt midlar til eit forskingsprosjekt om utvikling av statsborgarretten i dei nordiske landa. Rapporten frå oppdraget, som er utarbeidd av Institutt for samfunnsforskning, kjem våren 2018.

#### *Utdanning og kultur*

Dei nordiske demokratia byggjer på ytringsfridom og deltaking frå alle lag i befolkninga. Ekstra viktig er det at unge jenter og gutter veks inn i demokratia og deltek aktivt i det offentlege ordskiftet. Samstundes veit vi at stadig fleire diskusjonar er flytte over på sosiale plattformer utanfor dei tradisjonelle media. Hatfulle ytringar vert lett spreidde på nettet, og medverkar til at viktige røyster tagnar i det offentlege ordskiftet.

Inkludering har difor vore eit gjennomgående tema i utdannings- og kultursektoren. Gjennom ei rekke konferansar og seminar har ein lyfta fram fylgjande tema: barnehagen og skulen som sentrum for inkludering og demokratisk medborgarskap; vaksne si læring og inkludering i arbeids- og samfunnsliv; likestilling og etnisk mangfold; nykomne i barnehage og skule; rolla til kultur og frivillig innsats.

Vi ser at jenter og kvinner er meir utsett for seksualiserte ytringar som rettar seg mot kropp og utsjånad. Difor har dei nordiske likestillingsministrane over fleire år arbeidd med denne tematikken. I 2017 arrangerte Noreg ein stor konferanse om dette temaet der ein omfattande forskingsrapport om saka vart lansert, og der eit felles informasjonsmateriale for alle dei nordiske landa vart synt fram første gongen.

Skal vi lykkast med integrering og inkludering er det viktig at elevar får opplæring i demokratisk medborgarskap og menneskerettar. Utdanningssektoren sitt DIS-nettverk (demokrati, inkludering og tryggleik) har medverka til erfarrings-

### Boks 2.12 Inkluderande kulturliv i Norden

Gjennom prosjektet Inkluderande kulturliv i Norden (2017–2019) har Kulturdepartementet tatt initiativ til eit nordisk samarbeid om korleis kulturlivet kan bidra som arena og møteplass for integrering og inkludering. Inkluderande offentlegheit, inkluderande institusjonar og inkluderande lokalsamfunn er sentrale innsatsområder.

utveksling og kompetansebygging mellom landa på dette området. Det er gjennomført ei utprøving og tilpassing av to læringsressurs frå Europarådet: «Teaching Controversial Issues» retta mot lærarar og «Managing Controversy» retta mot skuleleiingar. Desse handbökene, som ligg føre på alle dei nordiske språka skal gje lærarar og skuleleiingar i Norden kompetanse og konkrete reiskapar for å engasjere unge menneske i dialog og diskusjon om kontroversielle og utfordrande tema. Arbeidet vert fylgt opp i 2018 under den svenske formannskapen.

Innan utdanningssektoren har Kunnskapsdepartementet sett i gong eit nordisk prosjekt kalla «0-24 – tverrsektoriell samhandling om utsette born og unge». Målet er å stimulere til betre organiserte og koordinerte kommunale tenester for utsette born og unge i Norden, der barnehage, skule, helsetenester, barnevern, busetnad, sysselsetjing og integrering vert sett i samanheng. Prosjektet skal halde på fram til 2019, og alle dei nordiske land og sjølvstyrte områda deltek.

#### *Helse og sosial*

Sosial tryggleik, førebyggjande tiltak og tilrettelegging for innovasjon og forsking er blant dei viktigaste satsingsområda for det nordiske samarbeidet på sosial- og helseområdet.

Det har vore eit unikt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles nordiske næringsstoff-anbefalingar sidan 1980-talet. Etterspurnaden internasjonalt etter desse publikasjonane er stor. Anbefalingane skal no reviderast for sjette gong, og skal no i større grad inkludere berekraft og miljøperspektivet i kosthaldet. Det overordna målet er å redusere sjukdomsburda og betre

#### **Boks 2.14 Antibiotikaresistens**

Antibiotikaresistens er ei av dei største helseutfordringane vi står overfor. Noreg og dei nordiske landa er i dag internasjonale pådriverar i kampen mot antimikrobiell resistens. Under EU-programmet for forsking og innovasjon, Horisont 2020, har norske fagmiljø fått finansiering til prosjekt knytt til antibiotikaresistens. Dette styrker kompetansen og kunnskapen til dei norske fagmiljøa.

folkehelsa i dei nordiske landa ved å betre kosthaldet. Denne dokumentasjonen er avgjerande for ein kunnskapsbasert ernæringspolitikk.

I Könberg-rapporten vart det gjort framlegg om eit nærmare nordisk samarbeid på lækjemiddelområdet, og hausten 2017 vart det skipa ei arbeidsgruppe for å fremje informasjons- og erfaringsutveksling om pris og refusjon. Mandatet til gruppa framhevar områda nye dyre lækjemiddel, «horizon scanning», forsyningstryggleik, lækjemiddleprisar og generell erfaringsutveksling om effektiv administrasjon og beredskap både på vaksine- og lækjemiddelfeltet.

For å nå måla om eit inkluderande arbeids- og samfunnsliv, vil regjeringa betre vilkåra for ideelle organisasjonar og sosiale entreprenørar slik at dei kan medverke til å løyse sosiale utfordningar i samfunnet, særleg ved å få fleire inn i arbeidslivet. Frivillige organisasjonar gjer eit viktig arbeid for å hindre at menneske fell utanfor sosiale arenaer.

«Folkehelseplattforma» som er etablert av Nordisk ministerråd, har som mål å styrke det nordiske folkehelsesamarbeidet og utjamne ulikskapar som gjeld helse. Barnehage, skule og andre teneste for born og unge for å utjamne helseulikskapar for den neste generasjonen vert vektlagt. Regjeringa ynskjer særleg å styrke arbeidet innanfor psykisk helse og betre samarbeidet mellom heim og skule. Den nordiske folkehelseplattforma utgjer ein effektiv arena for erfaringsutveksling på dette feltet.

På tobakksområdet har helsestyresmaktene i dei nordiske landa oppretta to uformelle nettverk. Det eine omhandlar tobakksførebygging generelt og det andre er eit nettverk for ansvarlege styresmakter jamfør tobakksdirektivet til EU. Nordisk Ministerråds tenestemannsgruppe for alkohol møtes halvårleg for å koordinere politikken

#### **Boks 2.13 Nøkkelholsermerking**

Noreg, Sverige og Danmark innførte den felles nordiske ernæringsmerkeordninga Nøkkelholset som ei felles frivillig merkeordning for sunne matvarer i 2009. Island sluttar seg til ordninga i 2013. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av merket. Landa har òg samarbeidd tett om kommunikasjon rundt ordninga og utviklar no ein strategi for å vidareutvikle ordninga i Norden. Det vert vurdert om nøkkelholsermerkinga òg skal innførast i serveringsmarknaden.

### Boks 2.15 Utveksling av erfaringar på helseområdet

Ideen om såkalla «pakkeforløp» for kreft, som er henta frå Danmark, viser kor viktig det er å utveksle røynsler mellom dei nordiske landa. «Pakkeforløp» og diagnoserettleiarar for kreft skal gje svar på kor lenge pasienten kan vente i dei ulike stadia i eit sjukdomsløp, og bidreg til at kreftpasientar kan kome raskare til utgreiing og behandling. Noreg har òg henta erfaringar frå Danmark for start av «pakkeforløp» for psykiske helsetenester og rusavhengighet.

overfor internasjonale organ som EU og WHO. Nordisk narkotikaforum er eit uformelt samarbeid på narkotikaområdet.

Kompetanse innanfor smittevern er eit sentralt tiltak for å førebyggje spreiing av smittsame sjukdommar og antibiotikaresistens. Etter at Nordiska Högskolan för Folkhälsovetenskap vart avvikla i 2013 vart det bestemt å halde fram med eit nordisk samarbeid innanfor folkehelse og smittevern. Göteborgs Universitet vil frå januar 2019 tilby ei nordisk utdanning i smittsame sjukdommar og hygiene via tilskot frå Nordisk ministerråd.

Inkludering av personar med nedsett funksjonsevne er viktig i det nordiske samarbeidet. Dette vert teke hand om av «Rådet for nordisk samarbeide om funksjonshinder». Rådet er oppnemnt av dei nordiske samarbeidsministrane, og møtest to gonger i året. Rådet er forankra i Nordisk ministerråd for sosial- og helsepolitikk, men skal ha ei rådgjevande rolle overfor alle sektorane i Nordisk ministerråd. Noreg har under det norske formannskapet leia arbeidet med ny handlingsplan for funksjonshindersamarbeidet 2018–2022, som særlig skal fokusere på menneskerettar, berekraftig utvikling og mobilitet.

I 2016 vart det vedteke ein ny nordisk borne- og ungdomsstrategi. Dei overordna måla for strategien er at Ministerrådet i større grad skal integrere eit perspektiv om borne- og ungdomsrettar i arbeidet sitt og ta meir omsyn til born og unge sine røyster. Sterk støtte til og inkludering av utsette born og unge er eit viktig innsatsområde.

Det er vedteke ein eigen oppfylgingsplan for den nordiske borne- og ungdomsstrategien. I 2017 vart det sett i gong eit prosjekt om forsking, statistikk og anna utviklingsarbeid i alle dei nor-

diske landa for å styrke oppvekstvilkåra for born og unge, sikre utsette born og unge og hindre utanforskap. Føremålet med prosjektet er mellom anna å få betre utvekslinga av røynsler mellom landa, og å få auka formidlinga av nordiske indikatorar om og statistikk over levekåra for born og unge i landa. Ansvaret for dette prosjektet er lagt til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). I samband med formannskapsåret arrangerte Bufdir eit seminar om arbeidet med felles indikatorar om utsette born og unge.

### 2.4 Samarbeidet i Nordisk ministerråd

I dei siste åra har Nordisk ministerråd gått gjennom ein omfattande moderniseringsprosess. Målet har vore å gjøre organisasjonen endå meir politisk aktuell og relevant, og i stand til å levere gode resultat når det gjeld dei samfunnsutfordringane som dei nordiske regjeringane er opptekne av.

#### Nytt Norden 2.0 og budsjett 2018–2019

Under 2017-formannskapen i Nordisk ministerråd har Noreg lagt vekt på å gjennomføre reforma «Nytt Norden 2.0», som vart vedteken under den finske formannskapen året før. Nordisk ministerråd har innført eit meir dynamisk budsjett som gjev større høve til å fokusere på politiske prioriteringar, og det er introdusert eit meir effektivt samarbeid mellom Nordisk råd og Nordisk ministerråd. Ministerrådet legg òg større vekt på strategiske gjennomlysingar med tilhøyrande budsjett for å fylge opp tilrådingar i tråd med politiske prioriteringar.

Den totale ramma for budsjettet er ikkje endra, noko som fordrar at dei ulike sektorane tek initiativ til å rette sektorspesifikke tiltak inn mot politiske prioriteringar. Konsultasjonar med dei ulike sektorane inngår som ein viktig del av budsjettprosessen.

Budsjettet for 2018 legg i større grad vekt på nordisk samarbeid om sosial- og helserelaterte spørsmål og grøn omstilling. Budsjettet vil òg legge vekt på å kunne finansiere statsministerinitiativet om nordiske løysingar på globale utfordringar, og det nordiske samarbeidsprogrammet om integrasjon av flyktningar og innvandrarrar. I tråd med «Nytt Norden 2.0» vart budsjettprosessen for 2019 sett i verk hausten 2017, under den norsk formannskapen. Det er gjort framlegg om mobilitet, digitalisering og internasjonal profilering av Norden som fokusområde for 2019.

### Grensehinderrådet

Norden er blant dei mest integrerte regionane i verda, med høg mobilitet i befolkninga. Nordbuarar studerer, handlar, pendlar, ferierer og arbeider i stor grad på tvers av landegrensene, noko som er i tråd med dei nordiske statsministrane sin visjon om at Norden skal vere «verdas mest integrerte region». Likevel fungerer ikkje alt smertefritt i praksis, og nordbuarar opplever tidvis praktiske og byråkratiske hinder når personar, varer, tenester eller kapital skal passere ei nordisk landegrense.

Dette arbeider Ministerrådet målretta med å utbetre, og difor etablerte landa i 2014 det mellomstatlege Grensehinderrådet for å fremje mobilitet i Norden for både enkeltpersonar og næringsliv. Rådet har i alt ti representantar, åtte frå dei respektive medlemslanda og dei sjølvstyrte områda, éin representant frå Nordisk råd, og generalsekretæren i Nordisk ministerråd. Etter at Rådet vart oppretta har det medverka til å klarleggje 36 hinder. Av desse er 27 løyste og ni avskrivne som «uløyselege» grunna ulik avgift- og skattepolitikk, regelverk om arbeidsløysepengar eller politiske vedtak om foreldrepermisjon.

Gjennom formannskapsåret 2017 har Ministerrådet gjennomført ei ekstern evaluering av Grensehinderrådet. Hovudkonklusjonen er at Rådet fungerer tilfredsstillande og etter intensjonen i mandatet, men at det er rom for betringar.

Samarbeidsministrane vedtok hausten 2017 eit revidert mandat om at Rådet skal leggje større vekt på kvalitative kriterium i utveljinga av grensehinder som skal løysast, ikkje berre kvantitative, og at rolla til dei nasjonale medlemmane i Rådet skal styrkast.

### 2.5 Nordisk omstilling – Regjeringa sine mål fram mot 2020

Regjeringa ynskjer å støtte opp om prioriteringane til den svenske formannskapen i 2018 om eit inkluderande, berekraftig, innovativt, trygt og ope Norden. Dette vidarefører i stor grad prioriteringane til den norske formannskapen i 2017, og reflekterer viktige fokusområder i den politiske plattforma til regjeringa.

Regjeringa vil fram mot 2020:

- Fylgje opp Nordisk-baltisk ministererklæring og gjennomføre handlingsplanen for digitalt samarbeid på konkrete innsatsområder, der-

under felles bruk av e-ID og utbreiing av 5G i regionen.

- Setje i gong det nye samarbeidsprogrammet for 2018–2021 for nærings- og innovasjonssektoren i nært samarbeid med det svenska formannskapet som vil prioritere relevante prosjekt som digitalisering, harmonisering av regelverk og samarbeid om reiseliv.
- Halde fram arbeidet med den nordiske språkforståinga.
- Bruke det nordiske samarbeidet aktivt for å fremje Norden og Noregs profil som havnasjon. Utvikle og gjennomføre konkrete innovasjonsprosjekt innanfor blå bioøkonomi i tråd med den norske og nordiske bioøkonomistrategien.
- Styrke røynsleutvekslinga om ulike nordiske forvaltningsmodellar for fiskerisektoren.
- Styrke samarbeidet mellom dei nordiske kunnskaps- og næringsklyngene gjennom Nordic Innovation og dei nasjonale forskings- og innovasjonsorgana, og med bruk av nasjonale, nordiske og europeiske verkemiddel for å fremje forsking, innovasjon og nyskapande næringsliv.
- Vurdere rapporten om behov og potensial for ei nordisk ordning for risikokapital til bedrifter i ein tidleg fase (Idar Kreutzer-rapporten) når denne er klar.
- Fylgje opp den strategiske gjennomlysinga på klima- og miljøområdet (Tine Sundtoft-rapporten) med siktet på at Norden skal verte ein føregangsregion når det gjeld klima og berekraft.
- Vidareføre eit nært nordisk samarbeid om havmiljø, både nasjonalt, regionalt og globalt. Vidareutvikle det nordiske plastprogrammet og samarbeidet om blå skog og marint vern.
- Fylgje opp samarbeidsprogrammet for regional utvikling og planlegging for perioden 2017–2020, mellom anna med å støtte opp om den svenske formannskapen si satsing på levande og berekraftige byar som vil supplere det norske formannskapsprosjektet «Attraktive byar – grøn omstilling og konkurransekraft i nordiske byregionar».
- Gjennomføre programmet for arbeidslivssektoren, på områda arbeidsmarknad, arbeidsmiljø og arbeidsrett, med ein meir framståande plass for integrering av flyktningar og personar med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet og spørsmål knytt til arbeidsliv og teknologisk utvikling i framtida.
- Ta initiativ til skandinavisk/nordisk jernbaneutgreiing i samarbeid med Sverige og Danmark. Samarbeide om testing av autonome

køyretøy under arktiske tilhøve for å gjøre nordisk samferdsel meir effektiv, tryggare og meir miljøvenleg.

- Fylgje opp rapporten om framtidig nordisk utdanningssamarbeid og forskingspolitisk utgreiing, og starte arbeidet med eit nytt samarbeidsprogram for utdanningssektoren, som skal gjelde frå 2019.
- Gjennomføre samarbeidsprogrammet 2018–2021 på energiområdet for å bidra til stabil og sikker energiforsyning, auka produksjon av fornybar energi, energieffektivisering og ein fungerande energimarknad.

### 3 Norden i Europa

Eit godt fungerande og økonomisk sterkt Europa er avgjerande for dei nordiske landa sin økonomi, velferd og tryggleik. Gjennom EØS-avtalen tek vi del i den same indre marknaden. Som deltakarer i den indre marknaden og medlemmar av Schengen har dei nordiske landa sterke interesser i å medverke i politikkutviklinga innanfor EU, både kvar for seg for å fremje nasjonale posisjonar, men òg samla der Norden har fellesinteresser. Ikkje minst når Europa står i ei krevjande brytingstid er det viktig at Norden tydeleg støttar opp om europeisk samhald og samarbeid. Vår felles interesse er å sikre at det europeiske samarbeidet styrkjer den nordiske velferdsmodellen og at europeisk samarbeid let seg inspirere av nordisk integrasjon og samarbeid.

#### 3.1 Viktigaste resultat under norsk formannskap 2017

Den norske vektlegginga av «Norden i Europa» under formannskapen reflekterer regjeringa si prioritering av europapolitikken og følger opp ambisjonen til Finland om å setje «meir nordisk nytte i EU» på dagsordenen i 2016. Dei viktigaste resultata har vore:

- Betre samordning av nordiske posisjonar i europaspørsmål gjennom arbeidet til Nordisk ministerråd, mellom dei nordiske hovudstade og mellom dei nordiske landa sine EU-representasjonar og delegasjonar i Brussel.
- Ei analyse av det nordiske lovgjevingssamarbeidet og gjennomføring av EU/EØS-lovgjevnad. Revitalisering av lovgjevnadssamarbeidet kan førebygge grensehinder for individ og bedrifter og styrke nordisk integrering. Analysen peikar særleg på lovgjevnadssamarbeid innanfor digitalisering, helse, aksjesel-

kap, sambuarførehald, utlendingslovgjevnad, strafferett og internasjonale konvensjonar.

- Auka bruk av nordiske profileringframstøyt for å synleggjere og fremje felles interesser på den europapolitiske arenaen. Eksempelvis presentasjon av den nordiske kraftmarknadsmodellen i Brussel som innspel til den pågående utviklinga av energiunionen til EU.
- Tydelegare nordiske posisjonar når EU er i ein tidleg fase av utvikling av nytt regelverk på områder som er viktige for regionen. Miljøvernministrane sende til dømes eit felles innspel til Europakommisjonen sin plaststrategi der mellom anna tiltak mot viktige kjelder til mikroplast og marin forsøpling vart understreka. I Europakommisjonen si førebuing av den sosiale søyla la dei nordiske arbeidsministrane fram ein felles deklarasjon som mellom anna framheva at den sosiale søyla må respektere dei ulike nasjonale arbeidsmarknadsmodellane.
- Forsterka nordisk samarbeid for å møte utfordringar i arbeidslivet i framtida. Statsministren sitt initiativ overfor EU om arbeidslivskriminalitet vert følgt konkret opp på nordisk nivå i transportsektoren.

#### 3.2 Samordna gjennomføring av EU/EØS-reglar

Noreg tek del av det forpliktande samarbeidet i Europa gjennom EØS-avtalen, Schengen-avtalen og andre avtalar/ordningar vi har med EU. Vi arbeider meir målretta enn nokon gong med å samordne det indre marknadsregelverket slik at ikkje ulik gjennomføring skal skape utilsikta grensehinder.

Det nordiske lovsamarbeidet har ein lang tradisjon tilbake til 1800-tallet og har gjeve opphav til samnordisk lovgjeving om til dømes avtalerett og ophavsrett. Samarbeidet har endra karakter i kraft av landa sine forpliktsar til EU/EØS-lovgjeving, og handlar no hovudsakleg om utveksling av informasjon og erfaringar.

Ein analyse av det nordiske lovgjevingssamarbeidet er nyleg utarbeidd under leiing av professor Inge Lorange Backer frå Noreg. Analysen undersøkjer utfordringane og moglegheitene for det nordiske lovgjevingssamarbeidet, og den inneholder ei rekke føreslag om eit styrkja lovgjevingssamarbeid som kan auke den nordiske integreringa og fremje den nordiske modellen internasjonalt.

Backer ynskjer mellom anna å betre moglegheitene til samarbeid om nasjonale lovgjevings-

initiativ og lovgjevingsinitiativ frå EU, og å førebygge nye grensehinder som fylgje av lovendringar eller nye lovforlag. Det vert òg foreslått eit sterkt lovgjevingssamarbeid på digitalisering, helse, aksjeselskap, sambuarførehald, utlendingslovgjeving, strafferett og internasjonale konvensjonar. Den svenske formannskapen vil i 2018 vurdere vidare oppfylging.

### 3.3 Påverknad og medverknad

Noreg treng målretta europapolitisk samarbeid med utvalde land. Tett kontakt med dei nordiske landa, både innanfor og utanfor rammene av Nordisk ministerråd, er sentralt for å ivareta norske interesser på EU-arenaer der vi sjølv ikkje deltek. Som ein godt integrert region med godt utvikla velferdsstatar kan Norden bidra til å styrke Europa økonomisk og politisk, og såleis medverke til å fremje eit trygt, fritt, økonomisk sterkt og ansvarleg Europa.

Ei tydeleg nordisk stemme i den europeiske debatten kan tene både Europa og Norden. Regjeringa legg difor vekt på å gjere Norden meir synleg, på auka samarbeid på den europapolitiske arenaen i Brussel og på auka bruk av fellesnordiske innspele på politikkområde der vi har felles interesser.

Med fagleg kunnskap og eit sterkt omdøme kan Norden på enkelte politikkområder fungere som inspirasjon og føregangsregion, og som ei kraft for å påverke den europeiske politikkutforminga.

Norden har gode føresetnader for å ta ei leiande rolle innanfor fylgjande område:

#### Digital marknad

Ein godt fungerande digital indre marknad vil skape nye arbeidsplassar, styrke økonomien, vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med grøn omstilling og stimulere konkurransen, innovasjon og investeringar i Europa.

Digital samhandling over landegrensene må vere effektivt og enkelt. Ministererklæringa frå Digital North-konferansen forpliktar dei nordiske landa til eit tettare samarbeid om utviklinga av ein digital indre marknad. Samarbeidet skal gje betre koordinering mellom dei offentlige tenestene til innbyggjarar på tvers av landegrensene, og skape fleire av dei nye jobbane. Det digitale samarbeidet i Norden vil opne opp ein digital marknad med meir enn 500 millionar menneske.

EU er vår viktigaste handelspartner, og vi samarbeider på ei rekkje samfunnsområder slik som

#### Boks 3.1 Samarbeid om offentleg geografisk informasjon

Tilgang til autorisert offentleg geografisk informasjon er viktig på ei rekkje samfunnsområder. Det er eit tett samarbeid mellom dei nordiske nasjonale kartverka på området. Det inneber mellom anna utveksling av data, røynsler og teknologiske løysingar. Det nordiske samarbeidet går òg utanfor Norden, mellom anna knytt til gjennomføring av eit EU-direktiv om etablering av ein infrastruktur for geografisk informasjon i Det europeiske felleskapet (INSPIRE) og i Arktis der dei nordiske landa samarbeider med Russland, Canada og USA om felles data. Det gjeld òg andre områder, mellom anna om sjøkart og ei felles referanseramme for geografiske koordinatar.

utdanning, forsking, politi og grensekontroll. EU si eIDAS-forordning vil til dømes sette juridiske premissar for samarbeidet ved at den set tryggingsstandardar for digital identifikasjon. Kva EU gjer for den digitale indre marknaden får difor òg direkte innverknad på Noreg. Etableringa av et eige ministerråd for digitalisering vil styrke stemma til regionen i EU- og EØS-samarbeidet.

Dei mange samtalane og ordningane med EU-land under den norske formannskapen viser at Norden vert oppfatta å ha ei meirverdi. Frå estisk side vart det til dømes uttrykt at ministererklæringa frå Digital North-konferansen hadde vore ei viktig inspirasjonskjelde for ministererklæringa til EU om eGov («Tallinnerklæringa»).

#### Klima og miljø

Grøn økonomi er aktuelt som tema og overbygning for fleire framlegg og initiativ som dei siste åra er vorte lanserte av EU. Dette temaet hadde ein sentral plass under den norske formannskapen i 2017. Norden kan fungere som ein inspirator mellom anna ut frå røynsler med grøne avgifter, høge attvinningstal, krav til bruk av miljøvennlege kjemikaliar, merkevare og miljøsertifisering. Nordiske røynsler vil vere nyttige for andre land som arbeider med å utforme sine verkemiddel.

Både Noreg og EU har forplikta seg til å redusere klimagassutsleppa med minst 40 prosent innan 2030, samanlikna med utsleppa i 1990.

Noreg deltek allereie i kvotesystemet til EU for kjøp og sal av utsleppskvoter frå industrien og luftfarten. Vi skal òg samarbeide om utsleppsreduksjonar i sektorar som ikkje er omfatta av kvotesystemet, mellom anna utslepp frå transport-, jordbruks-, bygg- og avfallssektoren. Regjeringa meiner at Norden har særlege føresetnader til å påverke det europeiske arbeidet med utsleppsreduksjonar innanfor energi- og transportsektoren.

I mai 2017 vedtok dei nordiske miljøministrane å sende eit felles brev til Europakommisjonen med oppmoding om å heve ambisjonane for utvikling av europeiske reguleringar av klimagassutslepp frå tungtransport. I september 2017 vart dette fylgt opp med eit nordisk seminar i Brussel, der representantar frå næringslivet, ikkje-statlege organisasjonar og avgjerdstakarar i EU, diskuterte rammeverk, teknologiar og andre løysingar som kan redusere utslepp og skape grunnlag for ei konkurransedyktig næringsverksemid i transportsektoren.

Om lag ein tredel av den maten som vert produsert globalt går tapt. Resultata frå eit treårig nordisk matsvinnprosjekt, som vart avslutta i 2017, har vekt interesse internasjonalt, og er vorte lagt fram i EU og OECD. Nordiske røynsler kring matsvinn vil inngå som eit element i statsministerinitiativet «Nordic Food Policy Lab». Under sommarmøtet 2017 vart dei nordiske ministrane samde om å halde fram samarbeidet.

### *Mattrøggleik*

Gjennom EØS-avtalen er det etablert eit omfattande harmonisert regelverk for mat, dyr og innsatsvarar. Regelverket utgjorde i 2017 om lag 40 % av alt regelverk som vart innlemma i EØS-avtalen. Det nordiske samarbeidet er ein viktig samarbeidskanal både når det gjeld utvikling av nytt regelverk og ved tilsyn og handheving av det eksisterande regelverket. Innanfor rammene av embetsmannskomiteen på matområdet er det etablert fleire arbeidsgrupper med deltakarar frå dei nordiske tilsynsorgana på matområdet.

Matinformasjonsforordninga, tilsyn med dyrevelferd og den nye kontrollforordninga er regelverk som i særleg grad påverkar dei nordiske landa, og det vart i 2017 arrangert ei rekke nordiske seminar om desse tema. Den 17. tilsynskonferansen på matområdet vart til dømes arrangert i Noreg i januar 2018 med 270 deltagare frå hele Norden. Temaet var «Nye omsetnings- og forbrukermønster – Effektivt tilsyn – En framtidsreise».

### *Energi*

EU sitt arbeid med utvikling av ein energiunion, har innverknad på Noreg. Dette heng saman med at EU er den største handelspartnaren vår på energiområdet, og fordi store delar av EU sitt regelverk på dette området vert del av EØS-avtalen.

Formålet med energiunionen er å fremje energitryggleik, berekraft og konkurranseevne i energisektoren til EU. Dette skal ein kunne oppnå gjennom tiltak innanfor dei fem dimensjonane i energiunionen: forsyningstryggleik, ein fullt integrert indre energimarknad, energieffektivisering gjennom reduksjon av energietterspurnad, avkarbonisering av økonomien og forsking og innovasjon.

Det er omfattande kontakt mellom nordiske produsentar, nettselskap, lovegjevarar og styresmakter. Samarbeidet gjer det mogleg å identifisere og utarbeide felles nordiske posisjonar som vert spelt inn til utviklinga av eit stadig meir felles europeisk regelverk under energiunionen. Under forhandlingane om marknadsdesignregelverket under tiltakspakken, «Clean Energy for all Europeans», har dei nordiske landa utarbeida felles posisjonar til regelverksframlegg for å sikre effektive og opne marknader som vil medverke til å vidareutvikle elektrisitetsmarknadane til Europa.

### *Arbeidsmarknad*

Det europeiske samarbeidet er ein viktig del av arbeidslivssektoren og sosial- og helsesektoren. Aktuelle EU og EØS-saker er faste dagsordenspunkt på alle møta i det nordiske ministerrådet for høvesvis arbeidsliv og sosial- og helsepolitikk.

Framlegget til Europakommisjonen om ei europeisk søyle for sosiale rettar, som vart undertekna på det europeiske toppmøtet i Göteborg 17. november 2017, har vore eit aktuelt tema under formannskapsperioden. Under Europakommisjonen si førebuing av ei slik søyle la dei nordiske arbeidsministrane i november 2016 fram ei felles fråsegn. Det vart mellom anna lagt vekt på at søyla for sosiale rettar må respektere dei ulike nasjonale arbeidsmarknadsmodellane, og at partane i arbeidslivet og kollektive forhandlingar har ei viktig rolle i den nordiske arbeidsmarknaden. Den europeiske søyla for sosiale rettar vert fylgt opp av EU-institusjonane. Det er venta ytterlegare initiativ til regelverk, i tillegg til initiativ som medfører oppdatering, utfylling og betre handheving av eksisterande EU-regelverk.

### Boks 3.2 Personvernslovgjeving

Norsk senter for forskingsdata (NSD) har teke initiativ til eit nordisk samarbeid om nasjonal implementering av personvernslovgjevinga til EU. Saman med andre nordiske aktørar ser NSD på korleis nasjonale regelverk kan harmoniserast for gjennomføringa av forordninga. Eit tett samarbeid om regelverksutvikling og deling av data er essensielt for kvalitet på forsking og personvern og for å medverke til å byggje ned grensehinder i Norden.

### 3.4 Norden i Europa – Regjeringa sine mål fram mot 2020

Regjeringa vil fram mot 2020:

- Identifisere nordiske interesser og posisjonar med sikte på å meir effektivt påverke politikkutforminga til EU på eit tidleg tidspunkt.
- Vidareutvikle det europapolitiske samarbeidet i Norden på strategiske områder som digitalisering, energi, klima og miljø og arbeidsmarknad.
- Vidareføre samarbeidet om gjennomføring av indre marknadsregelverk i Norden med sikte på høg mobilitet og førebygging av grensehinder.

### Forsking og utdanning

Nordisk samarbeid om forsking og innovasjon baserar seg på lange tradisjonar og gjensidig tillit. Samarbeidet føregår gjennom ei rekke institusjonar og organisasjonar, både på formalisert og ikkje-formalisert nivå.

Forsking gjer Norden synleg i Europa. Godt samarbeid gjer at Norden har ei forskingsstyrke like god som ein kva som helst anna europeisk stat. Auka mobilitet innanfor høgare utdanning og forsking i Norden og resten av Europa medverkar til ei slik utvikling. På utdanningsområdet arrangerte Kunnskapsdepartementet hausten 2017, i samarbeid med Nokut, ein nordisk konferanse om oppfylginga av Reykjavik-erklæringa om godkjenning av kvalifikasjonar for høgare utdanning. Intensjonen i erklæringa er at det skal vere automatisk godkjenning i Norden. Automatisk godkjenning medfører at ei høgare utdanning som er godkjend i eitt nordisk land, automatisk vert godkjent i eit anna. For å nå ambisjonen vil det allereie omfattande samarbeidet mellom Norric (Nordic recognition network) verte utvida. Våren 2018 får ei gruppe sett saman av Norric, departement, høgare utdanningsinstitusjonar og studentar i oppdrag å komme med konkrete framlegg til vidare oppfylging. EU har ein ambisjon om automatisk godkjenning i Europa, og røynslene med det nordiske arbeidet kan verte brukt i arbeidet til EU. Det nordiske samarbeidet kan ein òg sjå i nær samanheng med Unesco sitt arbeid med å etablere ein global konvensjon for godkjenning av høgare utdanning, Bolognaprosessen og Lisboa-konvensjonen.

### 4 Norden i verda

Dei nordiske landa deler grunnleggjande interesser og verdiar i utanrikspolitikken. I mange samanhengar er vi dei nærmaste partnarane til kvarandre, og samarbeidet spenner frå dagleg ambassade- og delegasjonssamarbeid til strategisk dialog på regjeringsnivå. At dei nordiske landa har ulik tilknyting til EU og Nato inneber avgrensingar med omsyn til kor langt samarbeidet kan utviklast på enkelte område.

Samstundes gjer den ulike tilknytinga at dei nordiske landa kan utfylle og støtte kvarandre. Det nordiske samarbeidet utgjer ei praktisk og tillictsfull plattform for å drøfte breidda av utanriks- og tryggingspolitiske spørsmål, på tvers av internasjonale organisasjonar og alliansar.

I ei verd prega av raske endringar i økonomi, teknologi og klima, og med meir samansett og uføresieileg utvikling i internasjonal politikk, er det utanrikspolitiske samarbeidet i Norden vorte viktigare. Russland sine brot på folkeretten gjennom annektering av Krim, de-stabiliseringe åferd i Ukraina og sjølvhevdande framferd i nærområda, har forsterka behovet for å utveksle løpende vurderingar om utviklinga. Viktige utfordringar som Storbritannia si utmelding av EU, migrasjon, populisme og den politiske utviklinga i Ungarn og Polen, skapar behov for samarbeid basert på felles interesser i europeisk samhald og integrasjon. I ei tid der grunnleggjande internasjonale prinsipp og normer vert utfordra er det endå viktigare at dei nordiske landa tek ei aktiv rolle når det gjeld klima, handel og samarbeidet i FN og andre multilaterale institusjonar.

Norden er blant dei største bidragsytarane til FN-systemet og internasjonal bistand. Nordiske land er jamleg til stades i FNs tryggingsråd. Under 2017-formannskapen har regjeringa vore opptekne av å vidareutvikle det nordiske og nordisk-baltiske samarbeidet om utanriks- og tryggingspolitikk, og å utnytte dei moglegheitene som plattforma gjev for auka gjennomslagskraft når interessegrunnlaget er til stades og samarbeidet gjev meirverdi.

#### **4.1 Utanrikspolitisk samarbeid i Norden og Baltikum**

Det utanrikspolitiske samarbeidet i Norden (N5) og med Baltikum (NB8) ligg utanfor ramma av Nordisk ministerråd, og vert i hovudsak drive i direkte kontakt mellom dei nordiske utanriksdepartementa. Samarbeidet er praktisk og fleksibel, og har sin styrke i ein høg grad av tillit og samanfallande verdiar og interesser. Noreg koordinerte samarbeidet i N5 og NB8 i 2017, før Sverige tok over i 2018. Det er stor oppslutning om samarbeidet, og høg grad av kontinuitet. Den politiske dialogen er kjerne i samarbeidet, og vert understøtta av praktisk og politisk samarbeid om alt frå ambassadedrift, visumrepresentasjon og konsulære tenester, til deltaking i internasjonale operasjonar og felles innlegg i FN og andre internasjonale organisasjonar.

Nordiske utanriks- og tryggingspolitiske dialogar i 2017 har funne stad på statsministernivå i to møter, og mellom utanriksministrane i tre møter. Forsvarsministrane har møtt kvarandre jamleg gjennom NORDEFCO-samarbeidet. Det har også funne stad møter mellom utviklingsministrane og mellom ministrar med ansvar for handels- og europaspørsmål. I tillegg kjem drøftingar av internasjonale spørsmål i alle andre nordiske og nordisk-baltiske ministermøte, både i og utanfor ramma av Nordisk ministerråd.

I NB8-krisen møttest utanriksministrane i Oslo i august 2017, i tillegg til at dei i fellesskap møtte utanriksministrane frå Polen, Ungarn, Tsjekkia og Slovakia våren 2017. Dei nordiske og baltiske statsministrane møttest som vanleg under sesjonen i Nordisk råd. I tillegg har det vore møte på statssekretærnivå og embetsnivå både i N5- og NB8-krisen. Embetsmøta har spent over heile breidda av det utanrikspolitiske området, og har også famna om administrativt samarbeid og meir spesifikke emne som til dømes cybertryggleik.

Sentralt i den utanrikspolitiske dialogen i 2017 har vore utviklinga i Austersjøregionen og nordområda, tilhøvet til Russland, i tillegg til Ukraina,

Syria, Midtausten og Nord-Afrika. Det har også vore stort fokus på det transatlantiske samarbeidet, når det gjeld tryggingspolitikk, klima og handel. Samarbeidet i og med Nato, og utviklinga i europeisk tryggings- og forsvarspolitikk, har også vore viktig. Medan handteringa av migrasjonskrisa var blant dei viktigaste emna i 2016, har Storbritannia si utmelding frå EU vore eit gjennomgåande tema i 2017, med stor grad av samanfall mellom nordiske vurderingar. Utviklinga i Ungarn og Polen når det gjeld rettsstatsprinsipp og demokrati har vore drøfta i fleire møte. Dei nordiske landa sine samarbeid med andre viktige aktørar som Kina, Japan og India har også vore ein del av dialogen.

Det nordiske FN-samarbeidet har lange tradisjonar og femnar vidt. Det er ei omfattande informasjonsutveksling mellom dei nordiske FN-delegasjonane i New York og mellom dei nordiske hovudstadane, og det vert halde ei rekke fellesnordiske innlegg i Tryggingsrådet og andre forum. Det svenske medlemskapet i Tryggingsrådet i 2017–2018 gjev dei nordiske landa ein viktig inngang. Det har vore eit omfattande samarbeid både om handteringa av pågåande konfliktsaker i Tryggingsrådet (Nord-Korea, Myanmar, Syria, Afghanistan mv.) og om FN-reform. Konfliktloysing, menneskerettar og kvinner, fred og tryggleik inngår også i det nordiske samarbeidet, i tillegg kjem spørsmålet om kandidatur. Det norske kandidaturet til Tryggingsrådet i 2021–2022 vil vere ei prioritert sak i tida framover.

#### **4.2 Samarbeid mellom utanrikstenestene**

Det er eit nært og godt samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene. Nordiske land representerer kvarandre på utlendingsfeltet på litt under 100 stader og har eit godt samarbeid på det konsulære feltet, mellom anna om offisielle reiseråd, beredskap og handtering av alvorlege hendingar som rammar nordiske borgarar i utlandet. Noreg har også teke initiativ til nordisk koordinering av arbeidet for å nytte mekling i internasjonale barnebortføringar.

Dei nordiske landa er samlokaliserte på ulike måtar; frå utlån av kontorpllass i Bagdad til samlokalisering i Berlin og full administrativ ambassadeintegrasjon i Yangon. I Islamabad vert det planlagt å bygge ein nordisk ambassade. I Dhaka er ein samlokaliseringsprosess gjennomført. I Kabul vert det satsa på å vidareføre den dansk-norske ambassaden ut 2020 og i Teheran vert det prosjektert for ein framtidig norsk-dansk ambassade. Danmark har invitert Noreg inn i sin ambassade i

London på litt lengre sikt. I New York vil FN-delegasjonane våre vere på plass i det same bygget på Dag Hammarskiölds plass frå 2019.

Noreg er tilfreds med det tette nordiske ambassadesamarbeidet og positiv til ei vidare styrking. Samlokalisering gjer det mogleg med både økonomiske innsparingar, sterke nordisk merkevarebygging og gjennomføring av felles politiske ambisjonar. Samarbeidet kan likevel vere utfordrande grunna ulikskapar i lovgjeving, kultur og politiske interesser. Difor er det viktig med semje om klare prinsipp for samlokaliseringar, og det er positivt at Sverige har gjort framlegg om at det i 2018 vert skipa ei nordisk gruppe som skal sjå nærmere på korleis resultatet av samlokaliseringar kan verte best mogleg.

#### **4.3 Nordisk ministerråd sine internasjonale satsinger**

Nordisk ministerråd har eit nært samarbeid med ei rekke internasjonale, regionale og nasjonale organisasjonar, og eit omfattande internasjonalt engasjement, ikkje minst når det gjeld kultur og profiliering. Hovudvekta elles ligg i hovudsak på berekraftig utvikling i Austersjø-, Barents- og Arktisregionen, og det er jamleg kontakt mellom Nordisk ministerråd og sekretariata for dei andre regionale råda, mellom anna Austersjørådet, Barentssekreteriatet, Arktisk råd og Nordleg dimensjon.

Under 2017-formanskapen har det vore ei målsetjing å styrke samanhengen mellom det uformelle utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet i N5 og NB8, og den internasjonale verksemda til Ministerrådet. Både Sverige, som i 2018 leier Nordisk ministerråd, N5, NB8, Austersjørådet og Barentssamarbeidet er opptekne av å utnytte samanhengane mellom dei regionale samarbeidsplattformene.

#### *Estland, Latvia og Litauen*

Nordisk ministerråd har gjennom fleire år arbeidd nært med Estland, Latvia og Litauen. Nordisk ministerråd har kontor i alle dei baltiske hovudstade, og desse kontora koordinerer aktivitetane og identifiserer trendar og vilkår for nordisk-baltisk samarbeid. Det er eit nært samarbeid mellom dei nordiske ambassadane og kontora til Ministerrådet. Fokusområda har vore utdanning og forsking, innovasjon, kultur og kreative næringar, miljø, klima og energi, økonomisamarbeid og styrking av sivilsamfunn. Som fylgje av den tryggings-politiske utviklinga, og utfordringane i samband

med desinformasjon, har det dei siste to åra òg vore arbeidd målretta for å styrke uavhengige russiskspråklege medium.

#### *Russland*

Utviklinga i Russland påverkar Norden. To av dei nordiske landa deler grense med Russland, medan Austersjøen og Barentshavet bind alle landa saman. Sjølv om dei nordiske landa står saman om restriktive tiltak mot Russland, er alle landa på ulike vis avhengige av eit best moglig samarbeid med Russland både bilateralt og regionalt. Engasjementet til Nordisk ministerråd i Nordvest-Russland har som mål å understøtte folk-til-folk-samarbeid og utvikle demokratiet og sivilsamfunnet med utgangspunkt i menneskerettar, likestilling, toleranse, rettsstatsprinsipp og god forvaltning.

I 2015 vart kontora til Nordisk ministerråd i Russland registrerte som utanlandske agentar, noko som har gjort det vanskeleg for Ministerrådet å halde fram med aktivitetar som før. Gjennom eit justert samarbeidsprogram frå 2016 vert det likevel ein del avgrensa aktivitetar vidareførte innanfor forsking, parlamentarikarsamarbeid, journalistikk, miljø og klima, helse, sivilt samfunn og menneskerettar.

#### *Norden sine naboar i vest*

Dei siste ti åra har samarbeidet mellom Nordisk ministerråd og Canada, USA, Storbritannia, Shetlandsøyane, Irland og Skottland vorte gradvis utvida. Dette gjer det mogleg å diskutere utfordringar som desse landa og Norden har til felles på område som busettingsmønster, lange avstandar og infrastruktur, klima, hav og maritime ressursar. Dei nordiske husa på Færøyane og Island, og Nordens institutt på Grønland, er sentrale aktørar i kultursamarbeidet med naboane i vest.

#### *Kina*

Under 2017-formannskapen vart dei nordiske statsministrane samde om å styrke den felles nordiske satsinga på samarbeid med Kina. Kinesiske styresmakter har på si side vist tydeleg interesse for samarbeid med Norden i eit såkalla «5+1-format». Som eit ledd i dette vedtok Nordisk ministerråd i 2017 eit samarbeidsprogram med Kina som har ført til ein uforpliktande intensjonsavtale mellom Ministerrådet og kinesiske styresmakter. Avtalen omfattar næringsliv og innovasjon, bere-

kraftig utvikling, turisme, forsking, utdanning og undervisning, velferdsteknologi, kunst og kultur. Frå kinesisk side er det ynskje om å vidareføre ytterlegare konkrete tiltak som gjeld ungdom, entreprenørskap og innovasjon, samarbeid mellom tenkjetankar i Norden og Kina og samarbeid om forsking i Arktis. I 2017 vart òg det sjuande sino-nordiske rundeborde for tenkjetankar organisert, med NUPI som vertskap. Diskusjonane mellom forskarane som deltok handla mellom anna om internasjonale handelsreguleringar, konflikt og fredsoperasjonar, Kina sitt «belte og veginitiativ», effekten av brexit og interessene som dei ulike landa har i Arktis.

### *Arktis*

Ein stor del av dei nordiske land- og havområda ligg i den arktiske regionen. Norden er difor engasjert i spørsmål som dreier seg om dette området. Det nordiske samarbeidet i Arktis skjer både på parlamentarisk nivå og gjennom regjeringssamarbeid i Nordisk ministerråd, Arktisk råd og i samarbeid med EU. Nordisk ministerråd har fått eit nytt arktisk samarbeidsprogram kalla «Nordisk partnarskap for Arktis» for perioden 2018–2021. Budsjettet for 2018 er på 9,159 millionar danske kroner, og er utarbeidd med utgangspunkt i Agenda 2030 og berekraftsmåla. Programmet skal bidra til berekraftig utvikling og har lagt særleg fokus på å skape denne utviklinga med hjelp av partnarskap. Kulturdepartementet arrangerte verdas fyrste sirkumpolære kulturpolitiske toppmøte, «Arctic Arts Summit», i Harstad. Representantar frå alle sirkumpolære land og urfolksrepresentantar deltok. Toppmøtet understreka at ei berekraftig utvikling i nord må bygge på regionen sine innbyggjarar, og på kunsten og kulturen deira.

### *Agenda 2030*

Klima, miljø og berekraftig økonomisk utvikling står høgt på dagsordenen, og er ein viktig del av det omdømet Norden har i utlandet. Nordisk ministerråd har gjennom fleire år arbeidd med å integrere eit berekraftsperspektiv i aktivitetane sine. Ei naturleg vidareføring av arbeidet har vore å støtte opp om Agenda 2030. Under den norske 2017-formannskapen vedtok dei nordiske samarbeidsministrane difor eit nytt, tverrsektorielt program, kalla «Generasjon 2030», som har som mål å integrere 2030-agendaen i heile Nordisk ministerråd. Berekraftig forbruk og produksjon er særleg prioriterte område.

### *Statsministerinitiativet*

«Nordiske løysingar på globale utfordringar» er eit initiativ frå dei nordiske statsministrane for å medverke til global berekraft innanfor grøn omstilling, likestilling, velferd og ernæring. Initiativet vert understøtta av konkrete prosjekt som vert drivne av Ministerrådet og dei nordiske institusjonane, mellom anna «Nordic Sustainable Cities», «Nordic Climate and Energy Solutions», «Nordic Food and Nutrition», «Nordic Welfare Solutions» og «The Nordic Deal – Gender, Business and Work». Ved å mobilisere politiske ekspertar, forskarar, dei nordiske ambassadane, eksportråd og den private sektoren er flaggskipsprosjekta eit svar på den auka globale interessa for nordisk berekraftspolitikk og berekraftige produkt, og medverkar til å profilere og posisjonere Norden i utlandet.

### *Antibiotikaresistens – fellesnordisk tilnærming*

Dei nordiske landa er samde om at utfordringane og tiltaka på antibiotikaresistens-området må sjåast i ein global samanheng og i eit perspektiv der folkehelse, dyrehelse og miljø vert vurderte samla (one health). Det er etablert ei nordisk One Health AMR strategigruppe og ei ekspertgruppe for å styrke det nordiske samarbeidet og utvikle felles nordiske posisjonar i dialogen med EU, WHO, FAO og OIE. EU sin kommissær for helse- og mattryggleik var innleiar på AMR seminaret i samband med nordisk ministermøte i juni 2017. Då han seinare la fram EU sin nye handlingsplan mot antibiotikaresistens i Europaparlamentet, opna han med å vise til Noreg og dei nordiske landa.

### *Omdøme, profilering, kunst og kultur*

Internasjonal profilering av Norden er eit viktig politisk satsingsområde for alle dei nordiske landa. Gjennom prosjektet «Nordic Branding» som vart lansert under 2017-formannskapen, har Ministerrådet utvikla ulike former for digitale reiskapar og gjeve økonomiske tilskot til bruk for nordiske ambassadar og føretak som ynskjer å nytte den nordiske merkevara i satsingar i utlandet. Prosjektet har gjennom 2017 vorte nytta i ei rekke nordiske ambassadesatsingar. Røynslene til no er lovande, og i perioden framover vil regjeringa støtte ei vidareutvikling av ordninga.

Kunst og kultur profilerer Noreg og Norden som region, og skapar merksemrd og spreier

### Boks 4.1 Nordic Innovation House

Under Noreg sitt 2017-formannskap opna den norske og den svenske utanriksministaren i september Nordic Innovation House i New York. Den nordiske satsinga i New York byggjer vidare på røynslene frå suksessen Nordic Innovation House i Silicon Valley utanfor San Fransisco, og vil tilby «mjuk landing», nettverk og ulike former for kompetanse og praktisk bistand til nordiske oppstartsbedrifter som ynskjer å etablere seg på den amerikanske marknaden. Les meir på: [www.nordicinnovationhouse.com](http://www.nordicinnovationhouse.com)

kunnskap om den nordiske samfunnsmodellen og nordiske verdiar. Etterspurnaden etter nordisk kunst og kultur er aukande utanfor Norden. Dette er eit momentum som Noreg og Norden må utnytta. Arbeidet med å profilere Norden som ein kreativ, levande og dynamisk region har vore ei prioritert oppgåve under 2017-formannskapen, og vil vidareførast. Dei nordiske kulturministrane står fleire initiativ, som til dømes den årelange kulturmönstringa «Nordic Matters» i London i 2017.

Under FNs statspartsmøte om konvensjonen for rettane til personer med nedsett funksjonshevne i juni 2017, blei det arrangert eit nordisk sidearrangement. Tema for sidearrangementet var korleis ein kan måle utviklinga av likestilling på ulike område i dei nordiske landa. Den norske formannsskapen tok initiativ til sidearrangementet som fekk betydeleg internasjonal merksemd mykje på grunn av dei gode resultata på likestilingsfeltet i Norden.

#### 4.4 Eit trygt Norden

I «Jeløy-erklæringa» vert det framheva at endra politiske, økonomiske og militære maktforhold krev ei sterkt verdibasert og realpolitisk forankring i dei vestlege fellesskapa av naboar, allierte og handelspartnerar.

#### Forsvarssamarbeid

Dei nordiske landa sine ulike tilknytingar til Nato og EU set visse avgrensingar på kor langt det nordiske samarbeidet kan gå på enkelte områder. Samstundes bidreg det stadig nærmare samarbeidet mellom Nato og EU, Finland og Sverige sitt

nære samarbeid med Nato og Noreg sitt nære samarbeid med EU, til at moglegheitene for nordisk samarbeid er større enn tidlegare. Regjeringa har difor som mål å byggje vidare på det nordiske forsvarssamarbeidet.

NORDEFKO er i positiv utvikling. Dei endra tryggingspolitiske omgjevnadane i nærområda våre har medverka til auka felles situasjonsforståing og tryggingspolitisk utsyn, med vekt på nasjonalt forsvar, krisehandtering og beredskap. Intensiteten i den forsvars- og tryggingspolitiske debatten i Sverige og Finland om Nato-tilknyting, bi- og fleirnasjonalt samarbeid og utviklinga i Russland og nærområda gjev eit behov for og ynskje om tettare dialog og samarbeid i Norden.

For Noreg er det nordiske forsvarssamarbeidet først og fremst eit supplement til Nato-medlemskapet, og det transatlantiske samarbeidet. Det nordiske forsvarssamarbeidet har like fullt ein vesentleg eigenverdi og eit viktig potensial for vidareutvikling, sjølv innanfor dei avgrensingane som ulik ei alliansetilknyting gjev. Særleg gjeld dette opplæring og øvingar, bidrag til internasjonale operasjonar og tryggingspolitiske konsultasjonar. Samarbeid innanfor kapabilitetsutvikling

### Boks 4.2 Internasjonale operasjonar

Dei nordiske landa har lange tradisjonar og gode røynsler med å samarbeide i internasjonale operasjonar. Alle dei nordiske landa bidrog fram til februar 2016 med militært personell til etterretningseininga All Sources Information Fusion Unit i FN-operasjonen UN Multidimensional Integrated Stabilisation Mission in Mali (MINUSMA) i Mali. Noreg har, saman med Sverige, Danmark, Belgia og Portugal, etablert ei rotasjonsordning ut 2020 for transportfly i MINUSMA med utgangspunkt i den norske leiren i Bamako. Ordninga medverkar til naudsynt kontinuitet og føreseielege vilkår for FN og deltagarlanda. I Irak har Noreg og Danmark inngått eit samarbeid om leveransar til den internasjonale koalisjonen mot ISIL. Dei nordiske og baltiske landa samarbeider om utvikling av konfliktramma land sine forsvarssektorar gjennom The Nordic-Baltic Assistance Programme. Vi har eit prosjekt i NATO-ramme i Georgia, og planlegg å utvide verksemda til å omfatte liknande innsats andre stader.

og fellesnordiske innkjøp av materiell har også positive verknader for evna til operativt samvirke mellom dei nordiske landa. Nordisk og Nordisk-baltisk samarbeid om veteranar vidareførast, og det er etablert eit samarbeid relatert til registerstudiar i dei ulike landa. Nordisk veterankonferanse vert gjennomført annakvart år. I 2018 vil Finland vere vertskap.

#### *Samfunnstryggleik*

Det nordiske samarbeidet om samfunnstryggleik og beredskap har tradisjonelt vore godt. Gjennom Haga-samarbeidet arbeidar ein for at dei nordiske landa i størst mogleg grad skal ha koordinerte posisjonar om beredskapsspørsmål i internasjonale forum. Det er etablert eit såkalla «Nordic Cooperation Forum» der representantar frå EU- og Nato-delegasjonane og Europakommisjonen møtest kvart halvår for å drøfte aktuelle saker. Sverige har formannskapen for Haga-samarbeidet i 2018.

Ein felles samarbeidsavtale mellom Noreg, Danmark, Sverige og Finland vart underteikna under eit nettverksmøte på ministernivå i Oslo i januar 2015. Nordiske representantar møtes jamleg for å sikre effektiv informasjonsutveksling om førebygging av valdeleg ekstremisme. Ansvarlege statsrådar i nettverket møtes årleg. Neste møte er i juni 2018. Føremålet med nettverket er å utveksle informasjon om «best practices» lovendringar, rettspraksis og liknande. Nettverket tek også sikte på å styrke posisjonen til dei nordiske landa i internasjonale forum.

#### **Boks 4.3 Redningssamarbeidet NORDRED**

NORDRED er eit nordisk redningssamarbeid mellom Danmark, Finland, Sverige, Noreg og Island, med grunnlag i ein rammeavtale frå 1989. Føremålet er å utvikle redningstenesta og utvikle eit operativt samvirke i akutte redningssituasjonar. Det er mange kommunar i dei nordiske landa som i dag har avtalar som er knytt til NORDRED.

#### *Justis- og politisamarbeid*

Det nordiske politisamarbeidet er uformelt og effektivt. For Noreg er det viktig å halde fast på kontakten med svenske, danske og finske kolleger for å kunne hente ut nytteimpulsar frå EU på dette området. Det er årlege møter mellom politidirektørane i dei nordiske landa. Den nordiske politisamarbeidsavtalen vart fornya i 2016.

Innanfor justissektoren er det fleire forum der det vert lagt til rette for å utveksle røynsler og drøfte justispolitiske saker av felles interesse, og justisministrane møter mellom anna årleg til eit nordisk justisministermøte. I Nordisk embetsmannskomite for lovsamarbeid vart det halde fleire møte der også førebygging og nedkjemping av kriminalitet vart drøfta. Nordisk-baltisk juridisk kontaktgruppe har møttet to gonger.

Ministrane med ansvar for asyl-, innvandrings- og flyktningspørsmål møtest også årleg i Nordisk samrådsgruppe for flyktningspørsmål.

Truslar og åtak i det digitale rommet utgjer ei særskilt utfordring. Cyberkriminaliteten er grenselaus og auka samarbeid på tvers av landegrenser er naudsynt. Spørsmålet står høgt på den nordiske dagsordenen.

Som ei oppfølging av resolusjonen frå Tryggingsrådet om ulovleg handel med kulturgjenstandar, har Kulturdepartementet teke initiativ til eit tettare samarbeid mellom nordiske politi-, toll- og kulturstyresmakter. Det har kome fram at slik handel finansierar verksemda til ekstremistgrupper.

#### **Boks 4.4 Politi-Toll-Norden (PTN-samarbeidet)**

I tillegg til den norske desken ved Europol, spelar PTN-samarbeidet ei viktig rolle i kampen mot organisert og grenseoverskridande kriminalitet. Dei nordiske landa har til saman utstasjonert 29 spesialutsendingar for politisaker (nordiske liaison-offiserar – 4 tolltenestemenn og 25 polititenestemenn) i 16 land. Av desse er 10 norske.

***Helseberedskapsamarbeid***

Det nordiske samarbeidet om helseberedskap er forankra i den såkalla Svalbard-gruppa. Under 2017-formannskapen har gruppa utarbeidd ein ny strategi, som vart påbyrja under formannskapane til Danmark og Finland. Strategien vart vedteken av embetsmannskomiteen for sosial- og helsepolitikk i september 2017. I tillegg vart emna for sivilt-militært samarbeid og sosial beredskap lagde fram og diskuterte på den årlege nordiske konferansen om helseberedskap på Svalbard i 2017. Det vart teke avgjerd om å inngå ein felles nordisk avtale om behandling av alvorlege brannskadar som vil verte underteikna på ministermøtet i mars 2018. Mandatet for og strategien til Svalbardgruppa har revitalisert det tverrnasjonale aspektet ved beredskap i Norden.

**4.5 Nordisk utanriks- og tryggings-politiske satsingar fram mot 2020**

Jeløy-erklæringa slår fast at Noreg sine viktigaste interesse- og verdifellesskap framleis er dei nordiske, europeiske og transatlantiske. I tråd med dette vil regjeringa prioritere Noreg sine nærom-

råde i utanrikspolitikken og vidareføre eit nært nordisk samarbeid. Regjeringa vil i tråd med dette:

- Vidareføre ein nær og løpende dialog med dei nordiske og baltiske landa innanfor heile utanriks- og tryggingspolitikken.
- Fordjupe det strategiske nordiske partnarskapet i utanriks- og tryggingspolitikken.
- Vidareutvikle forsvarssamarbeidet i NOR-DEFCO i tråd med måla for Noreg sin 2018-formannskap.
- Satse vidare på Nordisk ministerråd sine internasjonale aktivitetar, og nytte Norden som ramme for samarbeid med land og organisasjoner.
- Halde fram med nordisk profilering og merkevarebygging gjennom kultur og ulike former for bistand til internasjonalisering av norsk næringsliv.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 6. april 2018 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

---

**Vedlegg 1**

**Sammenstilling av budsjettene 2018 og 2017  
(2017 priser) i millioner DKK**

	Budsjett	Budsjett	Forskjell	
	2018	2017	+/-	%
<b>1. MR Samarbeidsministrene</b>	<b>262.059</b>	<b>258.184</b>	<b>3.875</b>	<b>1,5%</b>
a. Prioriteringsbudsjettet	88.351	91.842	-3.491	-3,8 %
b. Internasjonalt samarbeide	60.657	55.261	5.396	9,8 %
i. Herav kontorene <sup>1</sup>	16.015	15.778	237	1,5 %
c. Nordisk ministerråds fellesaktiviteter og Sekretariatet	113.051	111.081	1.970	1,8 %
i. Herav sekretariatet (NMRS)	80.433	79.244	1.189	1,5 %
<b>2. MR Utdannelse og forskning</b>	<b>221.338</b>	<b>221.541</b>	<b>-203</b>	<b>-0,1 %</b>
a. Generelle forsknings- og utdannelsesinitiativer	3.427	3.376	51	1,5 %
b. Politikkutvikling mv.	15.954	15.718	236	1,5 %
c. Mobilitets- og nettverksprogrammer	81.510	80.306	1.204	1,5%
d. NordForsk (institusjon)	100.224	99.442	782	0,8 %
e. Øvrig forskning	20.223	22.699	-2.476	-10,9 %
<b>3. MR Sosial- og helse</b>	<b>43.290</b>	<b>39.363</b>	<b>3.927</b>	<b>10,0 %</b>
i. Herav Nordens Välfärdcenter (institusjon)	19.661	20.083	-422	-2,1 %
<b>4. MR Kultur</b>	<b>176.797</b>	<b>174.413</b>	<b>2.384</b>	<b>1,4 %</b>
a. Generelle kultursatsninger	51.637	51.496	141	0,3 %
b. Barn og Unge	6.344	6.250	94	1,5 %
c. Film og Media	32.222	31.846	376	1,2 %
d. Kunstrområdet	31.760	31.820	-60	-0,2 %
e. Nordiske Kulturhus (institusjoner)	48.144	46.010	2.134	4,6 %
f. Andre kultursatsninger	6.690	6.991	-301	-4,3 %
<b>5. MR Fiskeri, jordbruk, næringsmidler og skogbruk</b>	<b>42.164</b>	<b>42.164</b>	<b>1.945</b>	<b>4,8 %</b>
a. Fiskeri	6.512	6.416	96	1,5 %
b. Jord- og Skogbruk	28.823	27.074	1.749	6,5 %
i. Herav NordGen (institusjon)	21.409	19.769	1.640	8,3 %
c. Næringsmidler	6.829	6.729	100	1,5 %
<b>6. MR Likesetting</b>	<b>9.322</b>	<b>9.185</b>	<b>137</b>	<b>1,5 %</b>

	Budsjett	Budsjett	Forskjell	
	2018	2017	+/-	%
7. <i>MR Bærekraftig Vekst</i>	<i>132.402</i>	<i>129.080</i>	<i>3.322</i>	<i>2,6 %</i>
a. Næring	86.557	85.664	893	1,0 %
i. Herav Nordic Innovation (institusjon)	69.653	67.910	1.743	2,6 %
b. Energi	13.213	10.322	2.891	28,0 %
i. Herav Nordisk Energiforskning (institusjon)	9.279	6.046	3.233	53,5 %
c. Regional	32.632	33.094	-462	-1,4 %
i. Herav Nordregio (institusjon)	10.881	11.114	-233	-2,1 %
8. <i>MR Miljø og Klima</i>	<i>46.402</i>	<i>45.716</i>	<i>686</i>	<i>1,5 %</i>
9. <i>MR Arbeidsliv</i>	<i>14.292</i>	<i>14.086</i>	<i>206</i>	<i>1,5 %</i>
i. Herav NIVA (institusjon)	3.508	3.461	47	1,4 %
10. <i>MR Økonomi og finanspolitikk</i>	<i>1.598</i>	<i>1.874</i>	<i>-276</i>	<i>-14,7 %</i>
11. <i>MR lovsamarbeid</i>	<i>1.198</i>	<i>1.430</i>	<i>-232</i>	<i>-16,2 %</i>
<i>Totalt nordisk budsjett</i>	<i>950.862</i>	<i>935.091</i>	<i>15.771</i>	<i>1,7 %</i>

<sup>1</sup> Ministerrådets kontorer i Estland, Latvia, Litauen og Nordvestrussland

---

**Vedlegg 2****Relevante nettsider**

Den nordiske investeringsbanken (NIB)	<a href="http://www.nib.int">www.nib.int</a>
Europaportalen	<a href="http://www.regjeringen.no/europaportalen">www.regjeringen.no/europaportalen</a>
Foreningen Norden	<a href="http://www.norden.no">www.norden.no</a>
Grensetjenesten - Morokulien	<a href="http://www.gtm.nu">www.gtm.nu</a>
Hallo Norden (informasjonstjenesten til Nordisk ministerråd)	<a href="http://www.norden.org/no/norden-for-deg">www.norden.org/no/norden-for-deg</a>
NordForsk	<a href="http://www.nordforsk.org">www.nordforsk.org</a>
Nordic Innovation	<a href="http://www.nordicinnovation.org/">www.nordicinnovation.org/</a>
Nordisk atlantterhavssamarbeid (NORA)	<a href="http://nora.fo/">http://nora.fo/</a>
Nordisk energiforskning	<a href="http://www.nordicenergy.org/">www.nordicenergy.org/</a>
Nordisk film og TV-fond	<a href="http://www.nordiskfilmogtvfond.com/">www.nordiskfilmogtvfond.com/</a>
Nordisk genresurssenter (NordGen)	<a href="http://www.nordgen.org/">www.nordgen.org/</a>
Nordisk informasjon for kunnskap om kjønn (NIKK)	<a href="http://www.nikk.no/">www.nikk.no/</a>
Nordisk informasjonssenter for medie- og kommunikasjonsforskning (NORDICOM)	<a href="http://www.nordicom.gu.se/">www.nordicom.gu.se/</a>
Nordisk institutt for Asiastudier (NIAS)	<a href="http://www.nias.ku.dk/">www.nias.ku.dk/</a>
Nordisk institutt for odontologiske materialer (NIOM)	<a href="http://www.niom.no/">www.niom.no/</a>
Nordisk institutt for sjørett (NIIfS)	<a href="http://www.jus.uio.no/nifs/">www.jus.uio.no/nifs/</a>
Nordisk institutt for teoretisk fysikk (NORDITA)	<a href="http://www.nordita.org/">www.nordita.org/</a>
Nordisk institusjon for videreutdannelse innen arbeidsmiljøområdet (NIVA)	<a href="https://niva.org/">https://niva.org/</a>
Nordisk internettportal om trygdeytelser i Norden	<a href="http://www.nordsoc.org/no">www.nordsoc.org/no</a>
Nordisk journalistsenter	<a href="http://www.njc.dk/">www.njc.dk/</a>
Nordisk komité for jordbruks- og matvareforskning (NKJ)	<a href="http://www.nordicagriresearch.org/">www.nordicagriresearch.org/</a>
Nordisk kulturfond	<a href="http://www.nordiskkulturfond.org/">www.nordiskkulturfond.org/</a>
Nordisk miljøfinansieringsselskap (NEFCO)	<a href="http://www.nefco.org">www.nefco.org</a>
Nordisk ministerråd	<a href="http://www.norden.org/no/nordisk-ministerraad">www.norden.org/no/nordisk-ministerraad</a>
Nordisk nettverk for voksnes læring	<a href="http://nvl.org">http://nvl.org</a>

Nordisk prosjektsportfond (Nopef)	<a href="https://nopef.com">https://nopef.com</a>
Nordisk råd	<a href="http://www.norden.org/no/nordisk-raad">www.norden.org/no/nordisk-raad</a>
Nordisk skatteportal	<a href="http://www.nordisketax.net">www.nordisketax.net</a>
Nordisk språkkoordinasjon	<a href="http://sprogkoordinationen.org">http://sprogkoordinationen.org</a>
Nordisk utviklingsfond (NDF)	<a href="http://www.ndf.si">www.ndf.si</a>
Nordplus	<a href="http://nordpluseonline.org">http://nordpluseonline.org</a>
Nordregio	<a href="http://www.nordregio.se">www.nordregio.se</a>
Samarbeid mellom nordiske kartverk	<a href="http://www.kartverket.no/en/about-the-norwegian-mapping-authority/centre-for-property-rights-and-development/News/nordic-mapping-authorities-strengthening-cooperation/">www.kartverket.no/en/about-the-norwegian-mapping-authority/centre-for-property-rights-and-development/News/nordic-mapping-authorities-strengthening-cooperation/</a>



Bestilling av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Omslagsbilde: Plainpicture/NTB scanpix

Trykk: 07 Media AS – 04/2018

